




Sveio kommune



Årsrapport 2016





Innhold

Sveio kommune.....	3
Ordfører – året som gikk.....	4
Rådmannen kommenterer	5
Sveio – samfunnet.....	7
Politisk organisering	12
Organisasjonen	13
KOSTRA – tal per rammeområde.....	15
Rammeområder.....	21
Politisk.....	22
Sentraladministrasjon	24
Oppvekst - skule	27
Oppvekst – barnehage.....	31
Helse og rehabilitering med fellestenester	34
Pleie og omsorg	37
NAV med flyktningavdeling	39
Barneverntenesta.....	41
Habilitering	43
Kultur.....	45
Teknisk og næring	47
VAR – Vatn, Avløp og Renovasjon	51
Kyrkja– Sveio Kyrkjelege Fellesråd	53
Økonomi	55



Sveio kommune

Vilje til vekst – ein god stad å bu

	2014	2015	2016
Folketal, pr. 31.12	5 509	5 593	5 656
Folkeauke, pr. 31.12	63	84	63
Folkeauke, pr. 31.12 i %	0,84 %	1,52 %	1,13 %
Netto innflytting	19	37	30
Fødselsoverskot	27	47	32



Ordførar – året som gjekk

JANUAR:	Fylkesordførar sitt nyttårstreff Prosten i Sunnhordland si nyårsmottaking Ordførarsamling Oslo, Stortinget, Hordaland Arbeiderparti
FEBRUAR:	«Gode ambassadørar for Sveio» Statens vegvesen sitt stormøte i Sveio Historisk sykkel frå Einstadbøvoll Gard Arbeid med kommunereforma, prosess
MARS:	Besøk i barnehagar, Språkkommune Lunsjmøte med næringslivet
APRIL:	Folkefest i sentrum, avduking skulptur, gåve Lunsj med næringslivet
MAI:	1. mai frokost, kommunehuset Sveio kommune open, golf « Skulder ved skulder», ordførarane på Haugalandet og i Sunnhordland saman om ein Vestlandsregion Miljøfyrtårn, Solkroken barnehage
JUNI/JULI:	Hagefest Gamlehaugen, Bergen, kongeparet jubilerer Opning utstilling Moster Amfi Tilsetjingsprosess ny rådmann Vestavind jubilerer
AUGUST:	Opplevingsdag Valen sitt landskap Liv og Lyst-prosjekt til kulturbygda Valestrand Besøk frå Europa, ungdom møtes
SEPTEMBER:	Opning nye butikkar i sentrum
OKTOBER:	Agendakonferanse med fokus på Vikingland
NOVEMBER:	Topplederforum Helse Fonna Arbeid med nytt fengsel i regionen Lunsj med næringslivet og NAV Besøk i barnehagar
DESEMBER:	Opning Soknehuset



Rådmannen kommenterer

Rådmannen legg med dette fram årsrapport for 2016.

Året var prega av stor aktivitet på fleire hald – der ikkje minst kommunereform-prosess vart viktig. Etter ein grundig og god prosess, som også omfatta innbyggjarundersøking, gjorde kommunestyret i sitt møte i juni følgjande vedtak :

- 1. Sveio kommune har greidd ut framtidig kommunestruktur grundig. Sveio kommune ynskjer på dette grunnlag ikkje å danne ein ny kommune i lag med Haugesund kommune åleine.*
- 2. Sveio kommune vil arbeida for ein stor Vestlandsregion kor Nord-Rogaland og Sunnhordland kjem i same region.*

Folkeauken var i 2016 også positiv men flata noko ut sett i høve til føregåande år. Det vart i 2016 også arbeidd med planlegging for framtidig utvikling av kommunen. Rullering av plan for Sveio sentrum er starta opp. Kommunen har delteke i interkommunale planprosessar som regionalplan for Haugalandet og interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland. Rådmannen vil her også nemne flyktningplanarbeidet som vart slutført og vedteke av kommunestyret i mai 2016. Sett opp i mot dei utfordringar regionen og landet opplever innan særskilt petro-maritim sektor, vil god planlegging vere viktig for å møte framtida på ein god måte.

Tenestetilbodet i Sveio kommune har også i 2016, slik rådmannen vurderer det, vore nøkternt, men likevel i hovudsak godt. Dei fleste tenester Sveio kommune tilbyr, er godt etablert. At tenestene som kommunen gir held høg kvalitet, skuldast ikkje minst røynde og dyktige medarbeidarar på tenestenivå.

Arbeidsmiljøet i Sveio kommune framstår i hovudsak som godt. I forhold til ein viktig arbeidsmiljøindikator som *sjukefråver* er, held nivået seg i hovudsak, men med ein liten oppgong frå 2015 med 6,1 % til 6,6 % i 2016. Til samanlikning har det samla sjukefråveret for kommunesektoren i Noreg dei siste 15 åra variert mellom 8% og 10%. Det er også stor skilnad på sjukefråveret mellom kvinner og menn, slik dette også er på landsbasis. Her vil det vere mange årssaksfaktorar som forklarar kvifor det er slik. Dette bør kartleggast nøyare. Som organisasjon er det viktig å identifisere arbeidsmiljøutfordringar. Verktøyet kommunen nyttar, vil framleis vere medarbeidarundersøking. Ny undersøking er planlagt gjennomført våren 2017. Etter rådmannen sitt syn oppfattar ein nå arbeidsmiljøsituasjonen som god.

Ein kommune er ein omfattande og kompleks organisasjonen – ein organisasjon med mange tilsette, som gir tenester som innbyggjarane treng og som er regulert av lov og anna regelverk. Alt dette skjer i samsvar med føringar og rammer gitt av styrande organ, som også fører tilsyn og kontroll med verksemda. Å legge til rette for gode liv til vår innbyggjarar er det overordna mål våre tilsette har med seg som rettesnor i sitt daglege virke. Folkehelsebegrepet er blitt eit viktig og styrande omgrep i alt kommunalt planarbeid og



tenesteproduksjon. Det skal tenkjast folkehelse i alt det kommunen førete seg. Å legge til rette for gode og trygge oppvekstvilkår prega av miljø for læring og danning - og på alle arenaer der barn og ungdom oppheld seg, er ei stor og viktig oppgåve. Korleis våre barnehagar og skular møter våre føreskulebarn og elevar, vil ofte vere avgjerande for kva liv den enkelte får.

Den økonomiske situasjonen har utvikla seg positivt dei siste åra i Sveio kommune. Også for 2016 er rekneskapstala positive. Driftsresultatet vart 17,5 MNOK – i % 3,9, følgjeleg godt over det resultat som er tilrådd frå sentrale styresmakter på 1,75 %. Dette er andre året på rad med tilsvarande positivt resultat. Driftsresultata på einingsnivå er likevel samla sett negativ. Positivt resultat totalt skuldast i hovudsak betra skatteinngang og reduserte pensjonsutgifter. Kommunen står framføre store investeringar dei næraste åra, då særleg knytt til Sveio skule og planlagd badeanlegg. Å ha ei kontrollert drift vil vere avgjerande for kommunen sitt investeringsnivå framover. Opplevingsparken Vikingland er framleis under planlegging. Vert dette realisert, vil parken ha og skape betydelege ringverknader for kommunen og også regionalt på mange felt.

Rådmannen vil takke alle tilsette for framifrå innsats og gode haldningar i viktige samfunnsoppdrag i året som gjekk - i teneste for våre brukarar/innbyggjarar! Eg vonar at årsrapporten gir eit korrekt og opplysende bilde av Sveio kommune si verksemd for 2016 og av dei resultat me nådde saman.

Med ønskje om god og informativ lesnad!

Bjørn Gilje
konstituert rådmann




Sveio – samfunnet

Folkesetnad


Kommunen har vekst i talet på innbyggjarar. Per 31.12.2016 var det 5 656 innbyggjarar i Sveio kommune. Ei auke på 63 personar i forhold til 31.12.2015.

Dette er litt lågare enn Statistisk Sentralbyrå, SSB, sine prognosar for framskrive folketal, der ein har forventa ein årleg vekst på gjennomsnittleg 93 personar.

Størsteparten av folkeveksten i kommunen skuldast fødselsoverskot og høg nettoinnflytting, det vil sei at innanlandsk innflytting er større enn fråflyttinga. Kommunens unge befolkning visar seg og fram i fødselsoverskotet, talet på fødde i 2016 var 65.



Årsak til folketalsendring i Sveio Kommune





Befolkningsvekst i Sveio kommune

Ei folkeauke gjev kommunen inntekter og betre grunnlag for næringsliv, samstundes vil ei sterk folkeauke gje utfordringar i høve til tenestetilbodet kommunen har. Sveio kommune har ei ung befolkning. På landsbasis er 7 % av befolkninga under 6 år, medan Sveio har 8,8 % av befolkninga under 6 år. 24 % av befolkninga er under 19 år på landsbasis, medan denne aldersgruppa står for 28,4 % av befolkninga i Sveio. Me ser difor at kommunen har ei ung befolkning samanlikna med landet generelt. 3,7 % av befolkninga er over 80 år i Sveio, medan 4,2% i resten av landet er over 80 år.

Det er størst auke i folketal i den sørlege delen av kommunen og Sveio sentrum. Dette heng saman med at denne delen ligg nær Haugesund. I den nordlige delen av kommunen har det vore svak fråflytting. Kommunen har i sin Kommuneplan 2011-2023 ønske om å forsterka tettstadane samstundes å ta vare på den desentraliserte bustaden og ha levande bygder. Utviklinga fram til no har vore i samsvar med denne planen.

Busetnad

Det har i lang tid vore to tettstadar i kommunen, tidlegare har ein rekna Sveio og Førde som desse to, Per 1. januar 2015 opererer SSB med to tettstader i Sveio: Sveio og Rophus. Kommunen sitt generelle busetnadsmønster er spreidd mellom bygdelaga, men med stor konsentrasjon i søre del av kommunen, der krinsane Sveio og Vikse utgjør storparten av busetnaden. Det er også her veksten har vore størst det siste året.

Byggeaktiviteten dei siste åra har medført stor vekst, særleg i Sveio sentrum, Rophus og Ekrene Aust. I 2016 vart det godkjend om lag 70 nye bueiningar i kommunen. Om lag det same ser ein i 2015.

På tross av relativt konsentrert vekst, er det framleis spreidd byggeaktivitet også i dei mindre bygdene i kommunen, som tilbyr kvalitetar som landlege omgjevnadar og sjønær tilgang.

Sjølv om innbyggartalet har vore på kraftig veg opp dei siste 10-15 åra, er Sveio framleis ein populær hyttekommune. Talet på nye hyttefelt er framleis minkande, og fokuset ligg på ferdigstilling av dei allereie regulerte felta.

Det vart godkjend om lag 15 nye fritidsbustadar i 2016. I tillegg fortsett trenden med bruksendring frå fritid- til heilårsbustad frå tidlegare år.

Utdanningsnivå

For å belysa utdanningsnivået i Sveio kommune kan me sjå på delen av innbyggjarane i Sveio som er over 16 år og har fullført høgare utdanning. Statistisk sentralbyrå definerer kort høgare utdanning som minimum fullførte 2 år (120 studiepoeng) eller inntil 4 år med høgskule- eller universitetsutdanning. Tal frå 2015 viser at Sveio har 23,6 % av si befolkning som har denne utdanninga. Dette er under gjennomsnittet på 32,2 % på landsbasis. For Hordaland er snittet 23,6 %. Sveio kommune har lågare utdanningsnivå enn snittet for landet generelt, men ligg i år på snittet for Hordaland. Sveio har hatt ei positiv utvikling sett frå 2007, då andelen var på 19,9 %.



Kjønnslikestilling

Det er fjorten indikatorar som er analysert for å sjå korleis likestillinga er mellom menn og kvinner i kommunane. Frå og med statistikken frå 2010 vart likestillinga ikkje lenger målt ut i frå eit indeks tal, men satt saman i frå nemnte indikatorar.

Av tabellen kan ein sjå at fleire indikatorar visar ein stabil likestilling i Sveio. Indikatoren som viser størst negativ utvikling er andel kvinner blant ledere, den er gått fra 39,9 til 37. Størst positiv utvikling er fordelt har andel barn 1-5 pr i barnehage, andel kvinner med høyere utdanning, samt andel fedre som tar hele fedrekvoten. Alle disse har steget med 1,1% frå 2014. Her ligg ein også over både snittet i Hordaland og Norge totalt sett.

Me har samanlikna kommunen med landsgjennomsnittet og snittet i Hordaland. Sett i forhold til desse ligg Sveio lågare på 5 av indikatorane, og lågare på 7 av indikatorane.

Indikator	Sveio	Sveio	Norge	Hordaland
	2014	2015	2015	2015
Andel barn 1-5 år i barnehage (prosent)	94,0	95,1	90,5	91,1
Andel kvinner blant kommunestyrerepresentanter (prosent)	44,0	44,0	39,0	37,4
Andel menn med høyere utdanning (prosent)	18,3	18,2	28,6	29,4
Andel kvinner med høyere utdanning (prosent)	27,8	28,9	35,4	36,8
Andel menn (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	85,0	84,5	83,6	85,1
Andel kvinner (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	76,6	78,5	77,7	79,2
Andel sysselsatte menn (20-66 år) som jobber deltid (prosent)	10,7		..	
Andel sysselsatte kvinner (20-66 år) som jobber deltid (prosent)	45,0		..	
Andel fedre som tar hele fedrekvoten eller mer av foreldrepengeperioden	72,4	73,5	70,0	72,6
Grad av kjønnsbalansert næringsstruktur (skår)	0,46	0,47	0,60	0,58
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i offentlig sektor (prosent)	78,0	77,1	70,2	70,1
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i privat sektor (prosent)	32,6	33,1	36,6	36,8
Andel kvinner blant ledere (20-66 år) (prosent)	39,9	37,0	34,9	34,2
utdanningsprogram på videregående skole (skår)	0,59	0,59	0,68	0,66



Kultur

Kommunen si satsing på kultur er til ein viss grad styrt av overordna føringar og pålegg, men arbeidet står i stor grad på lokale prioriteringar. Aktivitetsnivået er avhengig av eksterne midlar, der kommunen sine tilskot er den forutsette grunnkapitalen.

Kommunen og frivillige lag og organisasjonar står for eit variert tilbod av kulturaktivitetar. Organisasjonar innan idrett og kultur blir støtta gjennom ulike stønadsordningar samt ein del praktisk hjelp. Kommunen har mellom anna tilbod til born og unge gjennom Sveio kulturskule, Sveio ungdomsråd og Vigdartun fleirbrukshus. Sveio folkebibliotek er aktiv og gjev tilbod til heile befolkninga. Det har dei seinare åra vore merka og gradert ein rekkje turstiar og utarbeidd nytt turkart. Kulturminneplan var ferdig i 2015 og utgjeve som bok i 2016. Det praktiske vernearbeidet vert hovudsakleg gjort av private, ofte med støtte frå ulike tilskotsordningar. Sunnhordland museum og fylkeskonservatoren vert nytta som faglege rådgjevarar. Valestrand byggdalag er med i prosjektet «Liv og Lyst» – lokal samfunnsutvikling og entrepenørskap.

Det vert satsa på dei kulturelle fyrtårna Ryvarden, Sveio Golfpark og arbeidet rundt komponisten Fartein Valen. Dei områda er også sentrale i kommunen si profilering.

Natur, ytre miljø og ureining

Omsynet til naturmangfaldet er viktig i kommunen si arealplanlegging og ved tiltak i og forvaltning av naturområde. Kommunen har fast praksis i å vurdere naturmangfaldet i sakshandsaminga, men arbeider for å betra kunnskapsgrunnlaget og metodane for å ta omsyn til naturmangfaldet.

Det er arbeid særskilt med naturmangfald på desse felta:

- Salamanderparken. Konsulent kartla i 2016 tilhøva i Salamanderparken. Det vart funne yngel i dei fleste dammane, men det vart avdekka lite skjuleplassar i sjølve parken. Ved tiltak i skuleområdet vart ein dam heilt nordaust i Salamanderparken grove djupare. Her vart òg skog fjerna. Særleg viktig var det å få vekk granskogen som er planta i området.
- Kystlynghei er ein naturtype som er ført opp som sterkt truga på raudlista (Liste over truga natur). Særleg har det vore arbeid med Ryvardsmarka. Her har grunneigarar og gardbrukarar hatt tett og godt samarbeid. Det er sett i gong eit større prosjekt for inngjerding og beiting for å ta vare på kystlyngheia. Fylkesmannen i Hordaland løyvde i 2015 350 000 kroner i skjønstilskot til prosjektet. I tillegg har Fylkesmannen løyvd pengar over prosjektet Landskap i drift. Det er på ny søkt om tilskot 2017. Miljødirektoratet har løyvd tilskot over ordninga truga naturtypar. Haugaland landbruksrådgjeving har ei koordinerande oppgåve og gjer det meste av prosjektarbeidet. Prosjektet som starta opp i 2015 heldt fram i 2016. Siste året vart det gjerda ferdig i aust, sør og vest og lagt ned to ferister. Brannvesenet i Sveio har årleg skogbrannøving. I størst mogleg grad vert desse lagde til område med kystlynghei. Ved tildeling av SMIL-tilskot er kystlynghei høgt prioritert. Ved sakshandsaming elles vert det teke omsyn til kystlynghei. Kommunen informerer om verdiane i naturtypen kystlynghei.
- Botaniske verdiane på Nesheim. Fylkesmannen løyvde i 2016 45 000 kroner til arbeid med å sjå på korleis dei sjeldne botaniske verdiane på Nesheim kan takast vare på samstundes som området vert halde ope ved beiting. To botanikarar har vore på synfaring og ein har levert rapport. Haugaland landbruksrådgjeving har ei koordinerande rolle.
- Kulturlandskapet generelt. Mykje av naturforvaltninga i kommunen er knytt til kulturlandskapet. Gardbrukarane held det meste av kulturlandskapet i hevd. Medviten bruk for å ta i vare naturverdiane er styrkt dei seinare åra. Fleire typar tiltak, slike som nydyrking, inngrep i kulturlandskapet og bygging av landbruksveggar, er no søknadspliktige. Ymse tilskotsordningar har vilkår om miljøvenleg drift og omsyn til naturmangfaldet. I Regionalt miljøtilskot (RMP) er det



ordningar som er retta særskilt inn for at gardbrukarane skal skjøtta naturverdiane i kulturlandskapet. Utvikling av kart- og innsynsløysingar har gjort det mykje eklare å skaffa kunnskap om naturverdiar.

- Vasspest. Kommunen har halde oppsyn med den svartelista (Liste med framande og uønska artar) vassplanta vasspest. Vasspest er i Åsevatnet og i del av Vigdarvatnet. Mengda av vasspest kan variera mykje gjennom året og det kan vera vanskeleg å seia noko om varige endringar i utbreiinga.

Kommunen legg ned mykje arbeid kvart år i saker som gjeld ytre miljø og ureining. Nedanfor er dei viktigaste område nemnde.

- Ureining. Kommunen hadde i 2016 ingen store ureiningssaker, men ein del mindre. På saksområdet er siktemålet å vera føre var med god rådgjeving og setja naudsynte krav i planar og i vedtak slik at risikoen for ureining vert lågast mogleg.
- Vigdarvassdraget. Det vart i 2015 funne oppblomstring av blågrønalgar i delar av Vigdarvatnet. Det var i 2016 møte mellom ulike partar om vassmiljøet i Vigdarvassdraget. Fjon Bruk AS hadde i 2016 eit større program med å ta vassprøvar. Resultata skal vera tilgjengelege for kommunen, men slike låg ikkje føre ved utgangen av året. Kommunen søkte Fylkesmannen om tilskot til vassmiljøarbeid i Vigdarvatnet over klima- og miljøprogrammet og fekk 60 000 kroner. Tilskotet er avgrensa til landbruksrelatert vassforvaltning. Kommunen vurderer å utvida prosjektet til å gjelda meir enn landbruk og å søkja tilskot til utvidinga.
- Utslepp. Kommunen handsamar kvart år mange saker om sanitært utslepp frå hus og hytter, såleis òg i 2016. Dei fleste sakene gjeld nye anlegg, men det er òg ein del saker som gjeld oppgradering av eksisterande anlegg. Kunnskapsgrunnlaget for å avgjera utsleppssaker kunne vore betre og helst skulle lokal forskrift vore på plass.
- Ytre miljø. Omsynet til godt ytre miljø er integrerte delar av kommunen si planlegging og forvaltning

Klima og energi


Det har ikkje vore arbeidd med særskilte planar og satsingar som gjeld klima i 2016, men omsynet til klima skal vera med i all kommunal planlegging og ved alle innkjøp.

Det har ikkje vore særskilte satsingar på energi i Sveio i 2016, men arbeidet med redusert energibruk i kommunale bygningar er ein kontinuerleg prosess ved planlegging, bygging og drift. Energieffektivt, kostnadseffektivt og miljøomsyn vert vurdert i desse prosessane. Det er ikkje funne godt nok grunnlag for å vidareføra avtale med Sveio Biobrensel om varmeleveranse til Vigdartun.



Politisk organisering

Kommunestyret består av 25 representantar og er Sveio kommune sitt øvste organ. Alt ansvar og mynde ligg i utgangspunktet her. For å få ei best mogleg organisering av den politiske verksemda og bruk av den einskilde medarbeidar sin kompetanse, blir ansvar og mynde fordelt til Kontrollutvalet, formannskapet og tre ulike hovudutval. Hovudutvala er delt inn i oppvekst/kultur, helse/omsorg og teknisk/næring



Arbeiderpartiet:

Jorunn Skåden (ordførar)
Håkon Johnsen
Skimmeland
Linn Therese Erve
Asle Georg Halleraker
Kjell Gunnar Nymark
Torill Nummedal
Halleraker
Line Remøy
Gudmundsen
Heidi Nilsen Ljøen
Arne Tveit Katla

Framstegspartiet:

Ruth G Ø Eriksen
(varaordførar)
Rune Teikari
Gustav Eidsvåg
Thomas Johan Brekke

Høgre:

John Kristian Økland
Lars Einar Hollund
Anne Olaug Jacobsen
Arild Frøkedal

Venstre:

Trond Angeltveit

Kristelig Folkeparti:

Jarle Jacobsen
Ingrid Pedersen Furdal
Astrid Karin Strand

Senterpartiet:


Beathe Susanne
Haugland
Jofrid Valen
Kjartan Eidsvåg

MDG:

Ole-Ørjan Hov



Organisasjonen





Etikk

Sveio kommune har eit godt etisk reglement for folkevalde og tilsette i Sveio kommune. Rådmannen meiner at ein etisk høg standard og kontinuerlig fokus på etikk er avgjerande for at kommunen skal fungere godt. Reglementet bør nå reviderast.

Tilsette

Det var per 31.12.16 460 tilsette og 361 årsverk i Sveio kommune. Av desse er 378 kvinner (288 årsverk) og 82 menn (73 årsverk).



I tillegg har kommunen per 31.12.16 9 lærlingar.

Sveio kommune arbeider kontinuerlig, saman med fagorganisasjonane for å redusera ufrivillig deltidstillingar. Gjennomsnittleg stillingsprosent i kommunen er 78,48 %. Sveio kommune har fokus på likestilling mellom kjønn mellom anna ved tilsetjing i stillingar og ved lønsfastsetjing. Gjennomsnittleg stillingsprosent for kvinner i kommunen er 76,2 % og for menn 89 %.

Ein legg på same måte til rette for at alle skal ha like rettar, uavhengig av etnisk bakgrunn.

Bakgrunnen for antall tilsette i 2014 er lågt skyldes at dette talet er oppgitt pr 01.09.14, dei andre åra visar ein pr 31.12.

Kjønnsfordeling




Sjukefråvær

Ved fornying av IA-avtalen i 2015 vart målet for sjukefråværet at dette ikkje skulle overstiga 5,5 % i 2016.

Av tabellen nedanfor kan me sjå at sjukefråværet i 2016 har vore på 6,6 %.

Kommunen har gode oppfølgingsrutinar for sjukemeldte og einingane har rutinar for dialogmøte, oppfølgingsplan samt oppfølging av gravide arbeidstakarar.

Historisk utvikling i sjukefråvær i %





KOSTRA – tal per rammeområde


Om dei einiskilde rammeområda

I følgjande tabellar og tekst er historisk statistikk frå dei ulike rammeområda synleggjort. Grafane visar historisk utvikling i brutto- og netto driftsutgifter kvart år.

Brutto driftsutgifter er dei totale utgiftene for eit rammeområde. Netto driftsutgifter viser kor stor del av den samla ressursbruken på eit tenesteområde som dekkjast av frie inntekter (skatteinntekter og rammeoverføringer frå staten).

I tabellane vert det gjort synleg kva rammeområda, prosentvis har brukt av kommunens totale brutto, netto driftsutgifter og lønsutgifter i 2016. Sveio samanliknar seg med gjennomsnittet av kommunane i Rogaland, Hordaland, Norge utan Oslo og kommunegruppe 11.

I Sveio kommune er området helse og omsorg delt inn i fem mindre rammeområder; helse og rehabilitering med fellestenester, pleie og omsorg, NAV med flyktningavdeling, barneverntenesta, sosialhjelp og habilitering. I denne samanhengen vert rammeområde helse og rehabilitering med felles-tenester, pleie og omsorg og habilitering sett saman. Dette er grunna i at Statistisk Sentral Byrå kun skiljar mellom helse og omsorg, barnevern og sosialteneste i sine analysar.



Rammeområdet

politisk har frå 2006 auke i brutto driftsutgifter frå kr 3,2 millionar til kr 4,4 millionar i 2016. Utgiftene til politisk vert påverka av om det er val-år eller ikkje. Frå 2015 til 2016 har det vore ein auke på kr 247 000,-(5,9%) i brutto driftsutgifter, netto driftsutgifter har i same periode auka med kr 198 000,-(4,9%).


Politisk	Sveio	K11	Rog	Hor	NuO
Brutto driftutg	1,0	0,7	0,6	0,5	0,7
Netto driftutg	1,3	1,0	0,8	0,7	0,9
Løn	0,9	0,6	0,6	0,6	0,7

Av tabellen kan ein sjå at netto driftsutgifter i stor grad følgjer brutto driftsutgifter. Frå 2013 til 2014 vart utgiftene kraftig redusert.

Av tabellen kan ein sjå at Sveio ligg høgare enn alle samanlikningsgruppene. Sveio er nærast kommunegruppe 11 både i brutto og netto driftsutgifter, samt lønsutgifter.



Sentraladministrasjon




Rammeområdet sentraladministrasjonen har frå 2006 til 2016 auka brutto driftsutgifter med om lag 11,6 millionar kroner, medan netto driftsutgifter har auka med 11,5 millionar kroner. Sentraladministrasjonen har uendra brutto driftsutgifter frå 2015 til 2016, medan netto driftsutgifter har auka med 1,4 millionar kroner (6,4%).

Sentraladm.	Sveio	K11	Rog	Hor	NuO
Brutto driftutg	5,2	5,4	5,0	5,1	5,6
Netto driftutg	6,9	6,8	6,0	6,6	7,0
Løn	5,4	5,4	5,4	6,3	5,8

Om ein samanliknar Sveio kommune med gjennomsnittet i Rogaland, Hordaland, Noreg utan Oslo og Kommunegruppe 11 kan me sjå at Sveio ligg nærast Norge utan Oslo.

Oppvekst - skule




Rammeområdet oppvekst - skule har frå 2006 til 2016 auka brutto drifts-utgifter med om lag 40,5 millionar kroner, medan netto driftsutgifter har auka med 35,3 millionar kroner. Frå 2015 til 2016 har brutto drifts-utgifter auka med 5,5 millionar kroner (5,5%) og netto driftsutgifter har auka med om lag 3 millionar kroner (3,4%). Oppvekst - skule ligg tre til fire prosentpoeng over gruppene me samanliknar oss med, både på brutto og netto driftsutgifter.

Oppvekst - skule	Sveio	K11	Rog	Hor	NuO
Brutto driftutg	23,9	19,8	21,6	20,4	20,3
Netto driftutg	27,7	24,2	24,8	24,6	24,1
Løn	31,3	25,0	28,4	28,5	26,3

Også for lønsutgifter ligg Sveio kommune over andre kommunar. Skilnaden er minst mellom Sveio og Rogalands kommunane. Mellom gjennomsnittet av kommunane i Kommunegruppe 11 og Sveio er skilnaden opp mot seks prosentpoeng.



Oppvekst - barnehage




Rammeområdet oppvekst - barnehage har fra 2006 til 2016 auka brutto driftsutgifter med om lag 52,6 millionar kroner medan netto driftsutgifter har auka med 57 millionar kroner. Den store auken frå 2010 til 2011 skuldast at kommunane overtok finansieringsansvaret frå staten. Frå 2015 til 2016 har brutto driftsutgifter auka med 5,1 millionar kroner (8,0%) og netto driftsutgifter med 4,4 millionar kroner (7,8%).

Oppvekst - barnehage	Sveio	K11	Rog	Hor	NuO
Brutto driftutg	15,8	10,2	14,8	12,7	11,8
Netto driftutg	18,7	12,8	17,3	16,0	14,6
Løn	8,2	8,3	12,4	8,4	9,6

Sveio kommune og kommunane i Rogaland er mest like i både brutto- og netto driftsutgifter. Alle samanlikningsgrupper ligg lågare enn Sveio. For lønskostnader ligg Sveio kommune og kommunane i Kommunegruppe 11 lågast av alle gruppene.

Helse og omsorg




Rammeområdet helse og omsorg, som her inkluderer rammeområda helse og rehabilitering med fellestenester, pleie og omsorg og habilitering, har frå 2006 til 2016 auka brutto driftsutgifter med om lag 71,9 millionar kroner, medan netto driftsutgifter har auka med 51,7 millionar kroner. Frå 2015 til 2016 har brutto driftsutgifter auka med 6,6 millioner kroner, og netto driftsutgifter har auka med om lag 5 millionar kroner. Sveio kommune ligg midt i mellom sine samanliknings-

Helse og omsorg	Sveio	K11	Rog	Hor	NuO
Brutto driftutg	30,3	34,3	29,2	31,9	32,0
Netto driftutg	30,8	38,6	32,3	35,6	36,0
Løn	41,6	44,9	38,0	40,8	41,8

grupper i brutto driftsutgifter og lågast, saman med kommunane i Rogaland, på netto driftsutgifter. Kommunane i Kommunegruppe 11 er dei einaste som ligg høgare enn Sveio.



Sosialhjelp




Sosialhjelp har frå 2006 til 2016 auka brutto driftsutgifter med om lag 9,9 millionar kroner, medan netto driftsutgifter har auka med 8,7 millionar kroner.

Frå 2015 til 2016 har brutto driftsutgifter til sosialhjelp auka med 3,9 millionar kroner, medan netto driftsutgifter har auka med 3,8 millionar kroner.

Sosialhjelp	Sveio	K11	Rog	Hor	NuO
Brutto driftutg	4,0	4,3	4,8	4,9	4,8
Netto driftutg	4,8	5,2	5,8	5,8	5,8
Løn	3,7	3,6	4,1	4,7	4

Det er ingen av samanlikningsgruppene som ligg lågare enn Sveio. Det er kommunane i Hordaland som ligg høgast av desse tre gruppene.

Barnevern




Rammeområdet barnevern har frå 2006 til 2016 auke i brutto driftsutgifter med om lag 6,5 millionar kroner medan netto driftsutgifter har auka med 6,1 millionar kroner. Frå 2015 til 2016 har Barnevern redusert brutto driftsutgifter med kr 100 000,-(1,1%) og netto driftsutgifter med kr 707 000,-(9,1%).

Barnevern	Sveio	K11	Rog	Hor	NuO
Brutto driftutg	2,1	3,3	3,1	3,1	3,3
Netto driftutg	2,6	3,4	3,3	3,6	3,5
Løn	2,0	2,6	3,2	3,1	3,1

Sveio kommune har lågast brutto- og netto driftsutgifter av alle våre samanliknings-grupper. Kommunane i Rogaland og Hordaland har høgast lønsutgifter.



Kultur



Rammeområdet kultur har frå 2006 til 2016 auka brutto driftsutgifter med om lag 5,5 millionar kroner medan netto driftsutgifter har auka med 4,2 millionar kroner.

Frå 2015 til 2016 har brutto driftsutgifter auka med om lag 1 million kroner (10,2%) og netto driftsutgifter har auka med om lag kr 115 000,- (1,3%).


Brutto og netto driftsutgifter er lågast av alle samanlikningsgruppene. Høgast ligg kommunane i

Kultur	Sveio	K11	Rog	Hor	NuO
Brutto driftutg	2,6	3,4	4,3	3,5	3,6
Netto driftutg	2,8	3,5	4,6	4,0	3,9
Løn	1,8	2,2	2,3	2,3	2,4

Rogaland, både på brutto- og netto driftsutgifter.

Gjennomsnittlege lønsutgifter i samanlikningskommunane er på 2,3 % av totale lønsutgifter i kommunen medan lønsutgiftene i Sveio er på 1,8 %.

Teknisk næring



Rammeområdet teknisk og næring har frå 2006 til 2016 auka brutto driftsutgifter med om lag 11,2 millionar kroner medan netto driftsutgifter har auka med om lag 3,3 millionar kroner.

Frå 2015 til 2016 har teknisk/ næring auka brutto driftsutgifter med 2,0 millionar kroner, - (7,6%) og auka netto driftsutgifter med kr 640 000,- (4,9%).


Teknisk næring	Sveio	K11	Rog	Hor	NuO
Brutto driftutg	6,5	7,2	6,6	7,9	7,4
Netto driftutg	4,2	4,6	4,4	3,1	4,4
Løn	4,8	4,2	3,7	4,5	4,1

Teknisk/næring ligg jamt med Rogaland, på brutto og netto driftsutgifter, men høgare på lønsutgiftene.

Om ein berre ser på lønsutgiftene ligg Sveio kommune høgast.



VAR




Rammeområdet VAR har frå 2006 til 2016 auka brutto driftsutgifter med om lag 9,3 millionar kroner, medan netto driftsutgifter har auka med 1,3 millionar kroner. Talla frå rammeområdet varierer ein del frå år til år grunna bruk og avsetnad til fond. Frå 2015 til 2016 har brutto driftsutgifter blitt redusert med om lag kr 6,1 millionar og netto driftsutgifter har blitt redusert med om lag kr 3,4 millionar kroner. Bruttoutgifter ligg Sveio kommune er det kun

VAR	Sveio	K11	Rog	Hor	NuO
Brutto driftutg	4,0	3,7	4,3	4,3	4,2
Netto driftutg	-0,1	-0,4	-0,3	-0,5	-0,5
Løn	1,6	1,3	1,8	1,0	1,3

kommunegruppe 11 som er lågare. Netto driftsutgift til Sveio kommune ligg godt over dei andre samanlikningsgruppene. I Kommunegruppe 11. Lønsutgiftene til VAR er blant dei høgast av dei kommunane me samanliknar oss med.

Kyrkja



Kyrkja har frå 2006 til 2016 auka brutto driftsutgifter med kr 220 000,- og netto driftsutgifter med kr 183 000,-.

Frå 2015 til 2016 har både brutto og netto driftsutgifter auka med i underkant av 70 000,-.

Kyrkja	Sveio	K11	Rog	Hor	NuO
Brutto driftutg	0,9	0,9	1,0	0,9	0,9
Netto driftutg	1,2	1,2	1,3	1,3	1,2
Løn	0,1	0,0	0,1	0,0	0,0

Sveio kommune er ligg jamnt med Noreg utan om Oslo, samt kommunegruppe 11 elles ligg Sveio kommune noko under dei andre samanlikningsgruppene på både brutto og netto driftsutgift.



Rammeområder





Politisk

Om rammeområdet

Førebu saker og gjennomføre møter for kommunestyre, formannskap, 3 hovudutval for: oppvekst og kultur, teknisk og næring og helse og omsorg. Eldreråd, råd for funksjonshemma, viltnemnd, valnemnd, ungdomsråd, partsamansett utval og takst- og ankenemnd eigedomsskatt. Andre møter og utval etter behov.

Særleg om aktiviteten i Ungdomsrådet

- 6 ordinære møter i ungdomsrådet - møta vart haldne i kommunestyresalen,
- Studietur til Brussel med 13 deltakarar og 2 leiarar i oktober 2016
- Ungdomsklubben «House of Fun» har hatt 6 ope hus arrangement
- Nattturnering fotball: 1
- Nattturnering volleyball: 1
- 5 representantar frå Sveio ungdomsråd har deltatt på Ungdommens Fylkesting Hordaland og nettverksmøte arrangert av Hordaland fylkeskommune ,
- Det er valde 2 representantar frå ungdomsrådet til å delta med tale- og forslagsrett på møta i hovudutvala i kommunen, til saman 6 representantar og 6 vararepresentantar
- Leiar og nestleiar representerer ungdomsrådet med tale- og forslagsrett i formannskapet og kommunestyret.
- Samarbeid med Sveio skule om val til Ungdomsrådet

Ungdomsrådet har hatt jamn og god aktivitet gjennom året. I 2016 fekk ein godt utbytte av auka stilling som ungdomskoordinator ved Vigdartun, 20 % av denne stillinga skal brukast til ungdomsklubb («House of Fun»). Dette har betra kvaliteten på klubben og besøkstalet på klubbkveldane ligg rundt 100 unge. På nattcup i fotball og volleyball er det mange fleire.

Ein har gjennom året også arbeidd med haldningane til større deltaking i møta i hovudutvala og kommunestyre /formannskap. Dette arbeidet vil fortsetja i 2017.

Representasjon utanfor Sveio er viktig for å skaffa erfaring frå større møter og arrangement. Samtidig aukar det sjølvkjensla til ungdom i Sveio.

Ungdomskortsaka er framleis viktig for ungdomsrådet. Det er gjennom ungdomsrådet ein har fått anledning til å gjera ungdomskortet gyldig også hos Kolumbus i Nord Rogaland. Nå arbeider ein med å få gjort ungdomskortet gyldig i både Rogaland og Hordaland. Og å få til eit billigare busstilbod for unge frå 15 år.

**Desse møter er haldne i 2016:**

	Tal medl.	Tal møter	Tal saker			Tal medl.	Tal møter	Tal saker
Kommunestyre	25	6	146		Eldreråd	5	4	1
					Råd for funksjon-hemma	4	4	9
Formannskap	7	8	142		Viltneemnd	5	3	13
Kontrollutval	5	5	31		Valnemnd	6	1	7
HOK	7	6	40		Valstyre	3	0	0
Oppvekst og kultur					Takstnemnd	3	2	4
HTN	7	6	55		Ankenemnd	3	0	0
Teknisk og næring								
HHO	7	6	38					
Helse og omsorg								

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2015	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Avvik
9 Politisk:	4 090 245	4 078 932	3 579 643	499 289
10000 POLITISKE ORGANER				
10010 REVISJON OG KONTROLLUTVAL	446 533	497 539	588 000	- 90 461
SUM ans.grupp: 9 Politisk	4 536 778	4 576 471	4 167 643	408 828

Utgifter:

Det er utbetalt 34 Verdibrev i 2016 – kr. 870 400,- medan det var budsjettert med kr. 489.637, noko som gav eit meirforbruk på kr. 380 763,-.



Sentraladministrasjon

Om rammeområdet

Til rammeområdet høyrer einingane offentleg servicekontor, løn- og personalkontoret, økonomikontoret, og IKT-kontoret. Funksjonane rådmann, innkjøp, eigedomsskatt og lærlingar er og organisert under rammeområde sentraladministrasjon.

Rammeområdet har ansvar for å setja i verk politiske vedtak, driva organisasjonen i tråd med overordna føringar og leggja til rette for kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen. Dei ulike støtteiningane har spesialiserte ansvar og leverar spisskompetanse innan ulike område. Dei skal vera støttespelarar for einingane i kommunen og for strategisk leiargruppe innan sine fagområde.

Offentleg servicekontor har ansvar for resepsjon, sentralbord, arkiv, handtering av all inn- og utgåande post, samt handsaming av ulike typar søknader. Kontoret har og ansvar for kommunen sin nettstad.

Løn- og personalkontoret har mellom anna ansvar for utbetaling av lønn og innkreving av refusjonar, strategisk ansvar for arbeid med sjukemeldte, HMS-ansvar, ansvar for innkjøp/ehandel og lærlingar. I tillegg har kontoret ei aktiv og sentral rolle i samband med forhandlingar og deltar i personal- og tilsetjingssaker.

Økonomi har ansvar for budsjett, regnskap, innkrevjing av kommunale krav, skatteoppkrevjar, eigedomsskatt, finans og innkjøp. Økonomi utarbeider mellom anna rekneskap, eigarskapsmelding og årsrapport.

IKT har ansvar for utvikling og drift av kommunen sine datasystem på ein kostnadseffektiv og rasjonell måte, med fokus på stabilitet og driftstrygging.

Korleis gjer sentraladministrasjonen Sveio til ein god stad å bu?

Sentraladministrasjonen er naudsynt for effektiv iverksetting og kontroll med politiske vedtak. Tett oppfølging av driftseiningane frå sentraladministrasjon er naudsynt for å kvalitetssikre tenestene og gje spesialisert støtte til utvikling av effektive tenester.

Til dømes er skulane i Sveio avhengige av ei sterk IKT-eining for at elevane skal få god digital opplæring og for at kommunikasjonen mellom- og på skulane skal vere best mogleg.

Servicekontoret er ein møteplass der innbyggjarane får god tilgang til offentlege tenester på ein stad, dei kan halde seg til eit kontaktpunkt. Servicekontoret har fokus på å yte god service til både interne og eksterne brukere.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Dei ulike einingane i rammeområdet samarbeider med andre kommunar og ulike statlege, kommunale og private partnarar.

Offentleg servicekontor samarbeider mellom anna med Interkommunalt arkiv Hordaland, Skatt Vest, Husbanken, NAV, Haugaland og Sunnhordland Politidistrikt, Ulike interkommunale nettverk knytt til gjennomføring av val og skjenkeløyver.



Løn- og personalkontoret samarbeider med andre kommunar i eit personalnettverk, i eit interkommunalt innkjøpssamarbeid, i eit læringssamarbeid, om kommunalt rekrutteringsprosjekt og omdømmeprojekt.

IKT samarbeider med alle IKT-avdelingane i kommunane på Haugalandet, NAV, Skattedirektoratet, og Den norske Kyrkja.

Økonomi samarbeider med Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet, Haugaland Arbeidsgiverkontroll, revisjon KPMG/Deloitte, Waco forsikringsmekling, Lindorf, Bergen Capital, Kinect Energy Group, Skattedirektoratet, KLP, SPK og Haugesund Sparebank.

Mål og måloppnåing i 2016

I 2016 har einingane tilhøyrande rammeområdet sentral levert kvalitetsmessig gode tenester. Ei rekke nye system er innført i løpet av året. Visma Flyt er eit skuleadministrativt system som er tatt i bruk i løpet året. Opplæringssystemet OLKWEB er kjøpt inn til bruk ovanfor lærlingane. FEIDE-løysing er kome på plass for skulane i kommunen. System for elektronisk innkalling til politiske møter er gjennomført. Nytt forhandlingssystem til bruk i lønsforhandlingane er og kome på plass i løpet av året. Ny brannmur med større kapasitet og betre datatryggleik er tatt i bruk i 2016. Kommunen har fått ny løysing for å takla spamproblematikk, og alle elevmaskinar har fått installert Windows 10.

Einingane har hatt fokus på kompetanseoverføring, og fleire einingar har lært opp nye tilsette, i løpet av året. Det er gjennomført 40 timars HMS kurs for leiarar, verneombod og AMU-medlemmer i kommunen. HMS-arbeidet er blitt forbetra og forankra i løpet av året. Ny HMS plan er og laga. Arkivmateriale er avlevert til depot hos Interkommunalt arkiv i Hordaland. Kommunen har fått ny heimeside i løpet av året, både Service- og IKT-kontoret har bidrege sterkt til at denne er kome på plass.

Arbeidet med lønspolitisk plan er så godt som slutført i løpet av året, og arbeid med revidering av personalreglement er starta opp. Ein har arbeid med å betra rutinar og kvalitet ved økonomirapporteringa i løpet av året. Kampanje for å auka andelen av fakturamottakarar som nyttar e-faktura og avtalegiro er gjennomført i samarbeid med Nets og Haugesund sparebank. Satsinga på bruk av e-bilag er vidareført internt i organisasjonen.

Hovudutfordringar 2017

I løpet av 2017 vil rammeområdet ha fokus på å levera kvalitetsmessig gode tenester til dei ulike brukarane. Det skal satsast på å få fleire av arkivdelane i kommunen fullelektroniske og å vidareutvikla nettstaden slik at elektroniske verktøy kan nyttast på ulike tenesteområder. Einingane på rammeområde skal ha fokus på å behalda og vidareutvikla kompetansen hos dei tilsette. Ein har som mål å gjennomføra medarbeidarundersøkinga på ein god måte og å slutføra arbeidet med revidering av personalreglementet.

I løpet av 2017 skal ein få på plass eigen fiber mellom kommunehuset, soknehuset og omsorgssenteret. Utviklinga av det trådlause nettverket i kommunen vil fortsetta i 2017, med sikte på å auka kapasitet og hastighet på nettet. Arbeidet med effektivitet i fakturahandsaminga vil halde fram i 2017. Nye lovar og reglar vil kome på ulike områder i 2017. Einingane må løyse dette på ein god måte i året som kjem. Rammeområde vil ha fokus på vedlikehald og vidareutvikling av internkontrollsystemet i kommunen. Servicekontoret skal stå for den lokale avviklinga av årets stortingsval.

**Økonomi:**

Netto drift pr. 31.12.2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Awik
Rådmannen m.m.	1 600 195	2 077 217	1 685 000	392 217
OSK	4 575 691	4 731 300	4 244 052	487 248
IKT-avdelinga	3 588 919	3 997 203	4 180 297	-182 094
Økonomikontoret	4 741 050	4 682 656	4 975 491	-298 835
Løn- og personal	3 555 142	3 247 109	3 662 942	-415 833
Lærlingar	546 740	998 840	1 118 316	-119 476
Eigedomsskatt	551 459	627 281	705 553	-78 272
TOTALT	19 159 196	20 361 606	20 571 651	-210 045

Organisasjonen – tilsette og likestilling

Sentraladministrasjonen sett under eit har ein svak overvekt av kvinner.

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Rådmannen m.m.	1,0	1,0	0,0	1,0
OSK	5,4	6,0	6,0	0,0
Løn og personal	3,5	5,0	5,0	0,0
IKT	3,5	4,0	1,0	3,0
Økonomikontoret	6,0	6,0	4,0	2,0
Eigedomsskatt	1,0	2,0	1,0	1,0
Innkjøp	0,2	**1	1,0	0,0
TOTALT	20,5	23,0	15,0	6,0

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2012	2013	2014	2015	2016
TOTALT*	4,8	2,8	2,6	1,7	6,5

*Tala for kvar einskilde eining er ikkje presentert på grunn av for få tilsette.

** Same person arbeidet på lønn/personal og innkjøp

Oppvekst - skule

Om rammeområdet


Skuleområdet gir tenester etter opplæringslova med forskrifter. Opplæringstilbodet som vaksenopplæringa gir, er forankra i introduksjonslova.

I rammeområdet inngår fire barneskular, ein kombinert skule, skulefritidsordning ved fire av skulane og avdeling for vaksenopplæring. Det interkommunale tiltaket «Forum for oppvekst i Sunnhordland» (FOS) er administrert frå Sveio og er organisert under dette rammeområdet.

Velkomstklasse for minoritetsspråklege elevar og vaksenopplæring er organisert som ein del av Førde skule. Avdeling for elevar med særskilte behov er lagt til Sveio skule.

Elevtala i skulane i Sveio inneverande skuleår, førre og neste skuleår, går fram av søylediagrammet:

Av 833 elevar inneverande skuleår er det 46 elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn som berre har vore i Norge 0-5 år. I tillegg kjem 50 elevar som får opplæring i norsk gjennom vaksenopplæringa.



Korleis gjer rammeområde Oppvekst - skule Sveio til ein god stad å bu?

Skulane i Sveio skal sikra tryggleik og trivsel i skulekvardagen som fundament for læring og utvikling hjå barn og unge. Høgt læringsutbyte vil vera avgjerande for korleis elevane seinare skal meistra utdanning og arbeidsliv. Sveio kommunestyre vedtok i juni 2016 «Kvalitetsutviklingsplan for barnehage og skule 2016-2020». Planen omtalar satsingsområde som skal auka kvaliteten på tenesta.

Mål og måloppnåing i 2016

Førde skule er rehabilitert, og utbygging og rehabilitering av Sveio skule står for tur med venta oppstart i 2017. Desse tiltaka gir ei viktig oppgradering av det fysiske skulemiljøet for størstedelen av elevane i Sveio kommune.

For at elevane våre skal meistra seinare utdanning og arbeidsliv, må dei tileigna seg grunnleggjande dupleikar som lesing, skriving og rekning. Resultata på nasjonale prøvar som var gjennomførte i 2016 varierte mellom skular og klassar, men var samla for skuleområdet ikkje tilfredsstillande. Forankra i kvalitetsutviklingsplanen søkte kommunen Utdanningsdirektoratet om å bli med i den nasjonale satsinga «språkkommune» med fokus på språkutvikling, lesing og skriving. Alle skulane er nå i gong med eit omfattande arbeid på dette feltet. Forankring og utarbeiding av strategidokumentet for satsinga vart gjennomført i 2016, medan implementeringsperioden starta i januar-2017. Koordinering av satsinga her lokalt er lagt til skulekontoret.

Trivsel og lite mobbing er avgjerande faktorar i eit godt læringsmiljø, og elevundersøkinga for 2015 viste at det framleis kan vera utfordringar på dette området. Resultata på elevundersøkinga for 2016 er først offentleg i mars, og kommunestyret vil få kunnskap om resultat som gjeld trivsel og mobbing før sommaren.

For at barn med minoritetspråkleg bakgrunn skal få utbyte av den ordinære opplæringa, må dei lære norsk relativt raskt. Velkomstilbodet ved Førde skule blei frå august-2016 utvida frå tre til fem dagar i veka, men skulane har ikkje hatt ressursar til å følgja opp elevane med tospråkleg opplæring etter tilbakeføring frå velkomstklasse til ordinær klasse på nærskulen. Ressursar til tospråklig opplæring er nå på plass. Kommunen har inngått ein intensjonsavtale med Høgskulen på Vestlandet som m.a. vil tilføra auka kompetanse på dette området.

Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) er ein samarbeidsmodell som sikrar heilskap i tiltak og koordinert innsats overfor barn, unge og familiar det er knyta uro til. Samarbeidsmodellen inkluderer alle tenester som arbeider med barn og unge. Innføringa er i startfasen og blir her lokalt koordinert frå skule- og barnehagekontoret. I dette arbeidet samarbeider kommunen med andre kommunar i Fonnaområdet, Korus Stavanger og Korus Vest, spesialisthelsetenester og PPT. Hausten 2016 starta arbeidet med forankringsarbeidet i våre kommunale tenester.

Vaksenopplæringa har hatt eit aktivt, godt år, men stadig aukande deltakartal har gitt VO store utfordringar når det gjeld gruppesamansetjing. 13 deltakarar har teke norskprøve, 19 deltakarar har teke prøven i samfunnskunnskap.

For å sikra at kommunen på skuleområdet har oppdaterte rutinar og retningslinjer forankra i lovverket, har skule- og barnehagekontoret nytta mykje tid i 2016 på å utarbeida:

- Beredskapsplanar for barnehage og skule
- Kvalitetsutviklingsplan for barnehage og skule
- Nye rutinar forankra i opplæringslova og forvaltningslova
- Nye vedtekter i SFO
- Kvalitetsrutinar for spesialundervisning og samarbeidet skule-PPT
- Ny fordelingsmodell for tildeling av ressursar
- Retningslinjer for ulike andre område.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Skulane i Sveio har eit tett samarbeid med dei andre kommunane i Sunnhordland gjennom FOS. Organisasjonen gir skulane tilbod om kurs, nettverk, workshop, leiarkonferansar og oppfølging av utviklingsarbeid. I tillegg er FOS sentral og eit koordinerande ledd i avvikling av eksamen m.m..

Ungdomstrinnet samarbeider med dei andre ungdomsskulane i Nord-Rogaland gjennom Haugaland skule og arbeidsliv. Ungdomstrinnet har gjennom satsinga "Ungdomstrinn i utvikling" delteke i utviklingsarbeid i regi av Utdanningsdirektoratet. Gjennom språkkommunesatsinga samarbeider kommunen med nasjonalt skrivesenter og Utdanningsdirektoratet og har i tillegg inngått ein intensjonsavtale med Høgskulen på Vestlandet knyta til tospråkleg opplæring.

I innføring av samarbeidsmodellen BTI (Betre tverrfagleg innsats) samarbeider kommunen med alle kommunane i Sunnhordland (FOS), fleire kommunar på Haugalandet, Korus Stavanger og Korus Bergen og spesialisthelsetenesta.

**Økonomi**

Netto drift pr. 31.12.2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Awik
Auklandshamn	4 209 134	4 695 547	4 745 094	-49 547
Førde skule	8 184 467	9 278 289	9 206 715	71 574
Sveio skule	44 562 512	43 781 266	42 383 258	1 398 007
Valestrand oppvekstsenter	4 635 407	4 305 256	4 679 183	-373 927
Vikse skule	9 072 180	9 768 470	9 653 266	115 204
Felles skule	10 503 315	11 005 871	11 448 394	-442 523
Forum for oppvekst Sunnhordland	-	-	16 206	-16 206
Internasjonale prosjekt	28 202	-10 286	52 000	-62 286
	81 195 217	82 824 413	82 184 116	640 296

Samla har skuleområdet eit overforbruk på kr 640 296 i 2016. Dei fleste einingar har relativ god budsjettkontroll. Sommaren 2016 låg Sveio skule ann til å enda opp med ca. 4 mill i overforbruk pr.31.12. Sjølv om elevtala auka ved inngangen av nytt skuleår, reduserte skulen med 7 stillingar og hadde ei drift i balanse i heile haustsemesteret. Dette har vore ein krevjande prosess for skulen, og drifta er nå på eit nivå som ikkje gjer det forsvarleg med ytterlegare nedskjeringar.

Som motvekt til eit overforbruk i barnehagen som har trange økonomiske rammer, har Valestrand oppvekstsenter teke store innsparingar på skuledelen.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Auklandshamn skule	7,4	13,0	11,0	2,0
Førde skule	17,5	27,0	22,0	5,0
Sveio skule	65,0	78,0	61,0	17,0
Valestrand oppvekstsenter	13,3	17,0	16,0	1,0
Vikse skule	15,2	18,0	15,0	3,0
Felles	2,4	3,0	2,0	1,0
FOS	0,8	1,0		1,0



Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2013	2014	2015	2016
Auklandshamn	6,5	10,1	10,0	7,5
Førde	7,8	7,5	4,7	4,9
Sveio	6,9	7,0	4,2	5,0
Valestrand skule	3,9	5,5	4,4	8,7
Vikse skule	16,9	11,7	5,1	4,8

Sjølv om sjukefråværet for fleire av skulane er betre enn eller tilnærma lik målsettinga for kommunen, melder skuleleiarane at det er utfordrande å handtera fråvær. IA-rådgjevar har blitt nytta i fleire einingar.

Hovudutfordringar 2017

- Trivsel og lite mobbing er avgjerande faktorar i eit godt læringsmiljø og må ha stort fokus i alt arbeid på skulane.
- Sikra barna god opplæring i dei grunnleggjande dugleikane lesing og skriving gjennom satsinga som språkkommune.
- For at barn med minoritetspråkleg bakgrunn skal få utbyte av den ordinære opplæringa så snart som muleg, må dei læra norsk relativt raskt. For å følgja opp velkomstilbodet i Førde når elevane kjem til nærskulen, er det trong for ressursar.
- Digitale dugleikar er ein av dei grunnleggjande dugleik. For at elevane skal nå dei venta målsettingane på dette området, må alle tilgjengelege løysingar for IKT-feltet vurderast både med omsyn til maskin -og programvare.
- God utnytting av ressursane til beste for opplæringa i klasserommet er ei viktig og stor utfordring som til ei kvar tid må ha fokus.
- Fleire elevar har fått rett på fri skyss som følgje av farleg skuleveg og dette gir ein merkbar utfordring for skulebudsjettet.

Oppvekst – barnehage

Om rammeområdet

Sveio barnehagane gir tenester etter Lov om barnehagar med forskrifter.

Kommunen er lokal barnehagemynde og har ansvar for å bidra med rettleiing og tilsyn overfor både private og kommunale barnehagar. Kommunen har plikt til å sørgja for at det er nok barnehageplassar for barn under opplæringspliktig alder. Barn i Sveio har tilbod om barnehageplass i tre kommunale og fem private barnehagar, og Sveio kommune er såleis både barnehageeigar og barnehagemynde.

Kommunen har elles plikt til å oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp for dei barna som har trong for det og er busette i kommunen.

Alle barn som hadde trong for barnehageplass i 2016, fekk tilbod om plass. Det har gjennom året vore noko ledige barnehageplassar i barnehagane.

Barna fordeler seg i dei ulike barnehagane i kommunen som følgjer:

Tal barn i Sveio barnehagane per årsmelding 2016		Små barn	Store barn	Sum
Sveio krins	Sveio barnehage	9	37	46
	Gjermundshaugen FUS barnehage	25	42	71
	Bråtveit natur- og kulturbarnhage	8	25	33
	Bua barnehage	8	14	22
Vikse krins	Espira Solkroken barnehage	31	75	106
	Læringsverkstedet Ekrene natur- og gårdsbarnehage	17	44	61
Førde krins	Førde barnehage	15	34	42
Valestrand krins	Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage	6	13	19
SUM Sveio barnehagane		119	281	400

Korleis gjer rammeområde barnehage Sveio til ein god stad å bu?

Barna skal oppleve trygge og inkluderande miljø samstundes som kvart enkelt barn blir sikra fagleg - og sosial utvikling. Barnehagane i Sveio skal gi barna gode utviklings- og opplæringsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med heimane til barna.

Mål og måloppnåing i 2016

Både private- og kommunale barnehagar er godt i gong med fellessatsinga "Vera saman", som er eit kompetanseløft for tidleg innsats og endringsarbeid i barnehagane.

«Kvalitetsutviklingsplan for barnehage og skule» blei politisk handsama i 2016.

«Barnehagebruksplan 2016-2026 vil bli slutt behandla i 2017. Tala i barnehagebruksplanen blei kvalitetssikra av eksterne konsulentar. Dei kom fram til den same rangeringa av alternativa for barnehagestruktur i Sveio kommune som blei presentert i planen.



Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) er ein samarbeidsmodell som sikrar heilskap og koordinert innsats overfor barn, unge og familiar det er knyta uro til. Arbeidet med forankring i barnehagane, starta haust-16. Satsinga gjeld alle tenester i kommunen som arbeider med barn og unge og blir koordinert frå barnehagekontoret.

Nytt av året er at Sveio kommune er «Språkkommune». Hausten 2016 vart det utarbeida ein strategi for dette arbeidet, og alle barnehagar arbeider med «språkløyper». På styrmøte og i fellesmøte for rektorar og styrarar er tema implementering av satsingsområde og ikkje minst «å leia ein lærande organisasjon».

Som støtte for den einingsbaserte kompetanseutviklinga, er det i 2016 oppretta fleire nettverk, for ulike målgrupper. Dette er nettverk for tilsette i «vere saman» satsinga, språkkommunesatsinga, samt eige nettverk for nyutdanna barnehagelærarar.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Barnehagar og skular i Sveio har eit tett samarbeid med dei andre kommunane i Sunnhordland gjennom "Forum for oppvekst i Sunnhordland" (FOS). Organisasjonen gir tilbod om kurs, nettverk, workshop, leiarkonferansar og oppfølging av utviklingsarbeid. Under leiing av FOS samarbeider kommunane i Sunnhordland og om tilsyn i kommunale og private barnehagar. Barnehagefeltet deltar elles i Haugalandsløftet saman med kommunane i Nord-Rogaland og Etne.

Samarbeidet mellom kommunen og dei private barnehagane er godt i Sveio, og dei private barnehagane deltar på lik line med dei kommunale for å sikra utvikling og vekst i barnehageområdet i Sveio.

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Awik
Oppvekst -	55 465 180	60 638 275	61 808 902	-1 170 627
Spesped-teamet	6 938 166	7 503 706	6 785 979	717 727
Førde barnehage	4 606 168	4 884 823	4 920 322	-35 499
Sveio barnehage	4 814 748	5 124 459	4 901 092	223 367
Valestrand oppvekst-senter, avd. barnehage	2 448 495	2 417 298	2 209 851	207 447
Barnehage adm.	36 657 604	40 707 989	42 991 658	-2 283 669

Underforbruk for barnehageadministrasjon bidro til at oppvekst barnehage hadde eit positivt resultat i 2016. Negativt resultat for Sveio barnehage er knytt til overforbruk på lønn. Negativt resultat for barnehagedelen på Valestrand oppvekstsenter er knytt til lågare refusjon for sjukefråvær enn budsjettet, Førde barnehage er nær i balanse.

Negativt resultat for ressursteamet har si årsak i følgjande:

- Ikkje varsla og uventa krav om refusjon frå andre kommunar på kr 165 000.
- Kr 300 000 vart utbetalt til ein privat barnehage, som ikkje hadde sendt refusjonskrav for 2015.
- Meir trong for spesialpedagogisk hjelp i barnehagane enn det var budsjettet for, er årsak til meirforbruk på ressursteam for omlag kr 250 000.

**Organisasjon – tilsette og likestilling**

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Ressursteam	9,8	14,0	13,0	1,0
Førde barneh	9,8	11,0	11,0	0,0
Sveio barneh	11,6	14,0	13,0	1,0
Valestrand oppv barneh	4,9	9,0	8,0	1,0
Barneh.adm/ Tilskott private	1,2	2,0	2,0	0,0

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2013	2014	2015	2016
Ressursteam			7,1	9,8
Førde barnehage	10,0	6,4	9,8	9,4
Sveio barnehage	4,5	5,2	8,9	6,6
Valestrand barnehage	12,6	21,6	16,8	8,0

Hovudutfordringar 2017

- *Implementering av ny rammeplan*
- *Vera saman*: Halda trykk på implementering av satsinga
- *Språkkommuneprosjekt*: Halda trykk på implementering av satsinga.
- *BTI*: Forankra satsinga, utarbeida plan for implementering og sikra kompetanseheving for alle tilsette.
- *Digitale verktøy i barnehagen*: Ifølge barnehagen sin rammeplan og nasjonal kompetansestrategi for barnehagane skal informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) vere ein naturleg og integrert del av barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Sveiobarnehagane treng eit IKT-løft for å møte stadig høgare krav til digital kompetanse i barnehagen.

Helse og rehabilitering med fellestenester

Om rammeområdet

Helse- og rehabilitering består av eit mangfold av tenester: helsestasjon- og skulehelseteneste, jordmorteneste, legeteneste, legevakt, psykisk helseteneste m/dagsenter, butiltak for vanskelegstilte, fysioterapiteneste, hjelpemiddel og frisklivstiltak. SLT-arbeidet er også ein del av rammeområdet. Tenestekontor er del av rammeområdet. Kostnader knytt til interkommunalt arbeid som t.d. krisesenter, felleskostnader som pasientskadeerstatning, forsikringsoppgjer for pasientar i utlandet m.m., FOU-samarbeid, valdtekstmottak og fordelte sekretærutgifter for Samarbeidsutvalget Helse Fonna – kommunar er utgiftsført her.

Korleis gjer rammeområdet Sveio til ein god stad å bu?

Rammeområdet skal gi viktige bidrag til innbyggjarane i Sveio si helse innafor alle aldersgrupper, frå førebygging og helsefremjande arbeid til rehabilitering og habilitering. Gjennom fokus på service, fagleg kompetanse og kvalitet skal alle tilsette i eininga bidra til at Sveio kommune er ein god stad å bu.

Området bidrar elles, både internt i kommunen og eksternt i diverse samarbeidsfora, til planleggings- og utviklingsarbeid.

Mål og måloppnåing i 2016

Tilgjengelege måleparametre syner at ein i 2016 har nådd målet om å gi gode og tilpassa tenester. Rekneskap for 2016 syner at målet om balansert økonomisk drift er nådd.

Måloppnåing i 2016, basert på hovudutfordringar skissert i årsmelding 2015 og budsjettkommentar for 2016:

- Eininga har delteke i utgreiingsarbeid om eit større interkommunalt legevaktsamarbeid på Haugalandet. Utgreiinga blei sluttført i slutten av 2016, med påfølgande politisk behandling i for aktuelle kommunane.
- Saman med Albatross treningssenter er frisklivstilbod oppretthalde.
- Eininga har også i 2016 kvalitetssikra og vidareutvikla tenestene, med fokus på samhandling internt og med andre einingar.
- Ein har på ein tilfredstillande måte løyst utfordringa i høve permisjon hjå dei kommunalt tilsette legane (Sveio legekontor, tilsynslege sjukeheim og samfunnsmedisinske oppgåver)
- Det står framleis noko arbeid att med å utforma til ein heilskapleg strategi/plan innafor folkehelse, friskliv og læring og meistring.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Samarbeidspartane lista opp i det følgjande gjeld for samtlege rammeområde innafor Helse og omsorg:

- Krisesenter Vest IKS
- Interkommunalt valdtekstmottak – i samarbeid med Helse Fonna
- Legevaktsamarbeid med Tysvær, Bokn, Karmøy, Haugesund og Utsira.

Kommunen kjøper desse tenester/tiltak:

- Helsestasjon for ungdom i Haugesund
- Fysioterapi / timar i varmebasseng – Haugesund Sanitetsforening Revmatismesykehus

**Andre samarbeidsrelasjonar:**

- Haugalandsløftet
- Syns- og audiopedagogisk samarbeid – Hordaland fylkeskommune og andre sunnhordlandskommunar
- Rehabiliteringsteneste – Rogaland og Hordaland via helseføretak
- Samarbeid om forskning og utvikling (FOU) med HSH, Helse Fonna og øvrige kommunar innafor helseregionen.
- Avtale om pasientlogistikk/hospitering – somatikk og psykiatri – Helse Fonna
- Samarbeid med HSH utdannings- /praksisløp for sjukepleiestudentar
- Samarbeid med v.g.s. og fagopplæringskontor samt AOF om lærlingeordning og andre utdanningsløp
- Diverse høgskular/universitet – praksisopphald for vernepleie- /barnevernpedagog- /sosionom- /helsesøster- /sjukepleiar

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Awik
Helseavd. med fellestenester	21 142 255	22 442 375	22 478 957	-36 581

Organisasjonen

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Helseavd. med fellestenester	26,9*	33,0	22,0	11,0

*inkl SLT(50%) og kommunalsjef

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2013	2014	2015	2016
Helseavd. med fellestenester	8,5	5,8	7,7	7,7

Hovudutfordringar 2017

Eininga arbeider kontinuerlig med vidareutvikling og kvalitetssikring av tenestetilbodet. Vektlegge arbeid med å sikre gode rutinar og samarbeid mellom tenestekontor og einingar. Utgreiing av eit stort interkommunalt legevaktsamarbeid for ytre Haugalandet skal slutførast i 2016. Del av dette er og løysing av krav om øyeblikkelig døgnopphald-senger frå 01.01.16. Legar ved Sveio legekontor har krav om sjukehuspraksis (1år) ; dette er starta opp frå hausten 2015. Førebyggjande og helsefremjande arbeid blant dei yngste utan arbeid og utdanning skal ha høg prioritet. Førebyggjande og helsefremjande arbeid innafor eit folkehelse-, friskliv- og LMS-perspektiv skal også ha fokus. (LMS= læring og meistring strategi)

SLT

241 ungdomsskuleelever i kommunen inngår i MOTs undervisningsprogram og alle klassar har fått undervisning frå 6 – 10 timar i kvar klasse.

I tillegg har SLT koordinator utdanna 20 positive rollemodellar blant 9. kl.. Desse har igjen m.a.. "undervist" 72 7. klassinger i 5 timar i samband med overgang frå barne- til ungdomsskule
SLT koordinator har m.a. :

- Hatt foreldremøter med tema "Foreldrerollen, grensesetting og tilstedeværelse"
- Arrangert "avslutningsfest" for 10. trinn i samarbeid med helsesøster/skule for å hindre alkoholdebut aktuelle kveld/natt
- Hatt ansvaret for vakthald på "House of fun"
- Individuell oppfølging av familiar/barn med særskilt behov
- Gjennomført Ung Data undersøkelsen 2016 på ungdomsskulen
- Laga rettleiar for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme

Samarbeid med andre etatar

- Hatt tett samarbeid med førebyggjande gruppe i politiet
- Er med i SLT-nettverket i Sunnhordland/Nord Rogaland.
- Delteke i diverse samarbeidsfora i kommunen
- Sekretær for politirådet

Hovedutføringar 2017

- Implementere rettleiar mot radikaliserings og voldelig ekstremisme hos personar som har sitt daglige virke blant barn og ungdom
- Ha særleg fokus på uønska ådferd på og omkring Vigdartun blant grupper av ungdom
- Gjere ny MOT avtale, der skulen får eit større eigarskap.

Pleie og omsorg

Om rammeområdet

Eininga består av Sveio Omsorgssenter med 43 sengeplasser fordelt på 3 avdelingar, kjøkkendrift for institusjon og levering av middag til heimebuande, vaskeri-og reinhaldsavdeling og drift av dagsenteret. I tillegg kjem heimetenesta med ansvar for heimesjukepleie, miljø- og mestringstenesta, heimehjelp, tryggleiksalarmar, BPA og omsorgslønn. Innførde i 2016 tilbod om kvardagsrehabilitering.

Korleis gjer Pleie og omsorg Sveio til ein god stad å bu?

Ved å tilby tenester med god fagleg kompetanse og kvalitet tilpassa den einskilde brukar sine behov.

Mål og måloppnåing i 2016

Tjenester	Tenestemottakar:	2014	2015	2016
Heimesjukepleie		133,0	173,0	187,0
Heimehjelp		72,0	83,0	84,0
Tryggleiksalarmar		75,0	83,0	80,0
Korttidsopphald		80,0	109,0	90,0
Langtidsopphald		36,0	18,0	53,0
BPA		4,0	1,0	1,0
Omsorgsløn		7,0	6,0	5,0
Dagtilbod		0,0	0,0	25,0

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Avvik
Pleie og				
Omsorg	50 037 841	51 467 553	50 218 687	1 248 866

Meirforbruk skuldast hovudsakleg vakanse i stillingar, noko som har utløyyst eit behov for innleie frå vikarbyrå i både sjukeheim og heimetenesta for å sikra forsvarleg drift i samsvar med lov- og forskriftskrav. Sjukeheimen har også hatt store utgifter på ekstrainnleie for å ivareta ressurskrevande brukarar. I slutten av siste kvartal fekk eininga ei utfordring med å leie inn ekstrapersonell som tel 5 årsverk i bemanning for å ivareta ressurskrevande brukarar på sjukeheimen.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
PLO	59,5	118,0	118,0	0,0
Læringar	6,0	6,0	6,0	0,0



Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2013	2014	2015	2016
	10,5	8,7	7,8	8,1

Det vert arbeid systematisk for å redusera sjukefråværet i pleie og omsorg. Det er sett fokus på å forebyggje sjukemelding. Arbeidstakarar som er på veg tilbake frå sjukemelding, blir målretta følgd opp gjennom god tilrettelegging og god dialog. Det er viktig at ein som arbeidsgivar legg arbeidstilhøve best muleg til rette for dermed å kunne unngå ny sjukemelding.

Hovudutfordringar 2017

I 2015 og 2016 har det skjedd ei stor endring i korleis pleie og omsorg vel si hjelpeform. Heimetenesta må følgjast nøye opp ift den auke i talet tenestemottakarar og omfanget av type tenesteoppgaver tala frå 2016 gir uttrykk for. Det har skjedd ei markant auke frå 133(tal i 2014) til 187 tenestemottakar. Type teneste som vert utført er også blitt meir komplekse og krevjande ift tidsbruk og avansert sjukepleie. Det gjer også utslag for oppdraga på natt, noko som krev $\frac{3}{4}$ av vakta for 2 av nattevaktane. Det gjer at sjukeheimen ikkje har same dekning på natt i 2016 som for 2014. Utviklinga kjem til å vedvara i 2017 som følgje av at oppgåvene heimesjukepleie skal utføre held fram med å auke.

Denne utviklinga ser ein også på nasjonalt nivå og er peika på som eit nasjonalt satsingsområde skissert i regjeringa sin Plan for Omsorg 2015-2020 « *Som følge av en rekke reformer har ansvar og oppgaver blitt overført fra spesialisthelsetjenesten til kommunene. I tillegg kommer omstilling i spesialisthelsetjenesten med kortere liggetid, mer dagbehandling og poliklinisk behandling. Den kommunale helse- og omsorgstjenesten har dermed fått nye brukergrupper med mer faglig krevende og komplekse medisinske og psykososiale behov.*»

Bruk av velferdsteknologi kan gje ei meir effektiv drift og skapa betre arbeidsforhold for dei tilsette. Trygghetsalarmane er under utfasing og ein jobbar med å rulla dei nye ut. Ein forsinka anbudsprosess gjer at dette blir flytta vidare ut i 2017. Her pågår ein interkommunal arbeidsprosess der dei fleste haugalandkommunar deltek for å kvalitetssikra at dei fungerer trygt og mest mogleg optimalt ute hos brukaren .

Kvardagsrehabilitering er hausten 2016 blitt eit fast tilbod i Heimetenesta. I tett samarbeid med teneste kontoret og heimetenesta blir aktuelle tenestebrukarar tilbudt kvardagsrehabilitering . I 2016 var det brukarar som nytta seg av tilbodet. I januar 2017 var det 5 på venteliste for opptrening. Tilsette i heimetenesta har fått opplæring i metodebruk og oppfølging av prosjektleiar i 10% stilling. Dei har tidlegare hatt stort omfang av tenester og kan nå klare seg med minimalt av tenester etter 6 veker Kvardagsrehabilitering.

Sjukeheimen har fått endra brukargruppe ved at det er fleire vedtak på korttids plassar. Komplekse behandlingsoppgåver gjer at det er fagleg meir spenn i arbeidsoppgåvene tilsette utfører. Kompetansebygging og opplæring vil krevje mykje av eininga for å kunne bygge og oppretthalde tenestekvalitet. Seniorar utgjør 24 personar på 14,8 årsverk. Av den grunn har eininga satsa på å ha 1 lærling ekstra som vert utgiftsført på eininga. Tilskotet eininga får for at seniorane står lengre i jobb, vert nytta til dekke desse ekstra lønnskostnadene.

Eininga vil i 2017 ha eit spesielt fokus på den ressurs som frivillige er for omsorgssenteret. Det blir viktig å utvikle eit godt samarbeid og god oppfølging slik at dei frivillige blir tekne vare på og kan halde fram i slike roller. I så måte er pårørendeforeninga er ein viktig samarbeidspartnar i denne samanheng.

NAV med flyktningavdeling

Om rammeområdet NAV

NAV Sveio kommune gjer tenester etter Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen, Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen, Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere og Lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her. Tenesta er delt i tre ulike team, Flyktningteam, Sosialteam og Ressurs- og jobbaseteam. Hovudmål for alle teama er fleire i arbeid og aktivitet, færre på stønad.

NAV Sveio har 14 tilsette totalt (i heil og deltidstillingar), 3,8 statleg tilsette og 8,7 kommunalt tilsette.

Korleis gjer NAV Sveio til ein god stad å bu?

NAV Sveio arbeider kvar dag for at menneske skal få høve til arbeid/aktivitet, slik at dei ikkje blir gåande passive med passiv stønad. Arbeid og aktivitet er nøkkelen til eit betre liv, for alle som kan klare det. Det er gjennom arbeid ein kjem ut av fattigdom. Vidare er det dokumentert at det å vere i arbeid og aktivitet er helsebringande for dei aller fleste. Arbeid og aktivitet er og avgjerande for god integrering.

Mål og måloppnåing i 2016

NAV Sveio held kostnadane nede dersom me jobbar arbeidsretta.

I 2016 har me igjen fått fleire av dei svakast fungerande brukarane av NAV over i arbeid og aktivitet.

Me har i 2016 prioritert dei unge. Unge under 30 år er ofte mellom dei som blir hardest råka når arbeidsløysa er høg. I Sveio kommune er det over 70 unge under 30 som er registrert som arbeidsledige. I tillegg reknar ein med mørketal. Me veit at auka satsing på dei unge generelt, gjev gode resultat. Tett og tidleg oppfølging er særskilt viktig for denne gruppa. Ressurs- og jobbaseteamet kan vise til fantastiske resultat for 2016. Av 36 som deltok i Jobbasen i 2016 kom 25 ut i ordinært arbeid, 1 har starta i utdanning, 5 er i arbeidstrening og 5 har droppa ut/flytta ut av kommunen. Vidare har teamet kartlagt og hatt tett oppfølging med mange unge utanfor jobbasen. Arbeidet har resultert i fin presseomtale og gode tilbakemeldingar ved brukarundersøkingar. Dette har, i sin tur, medført at både unge og pårørande har teke kontakt med NAV, med ønske om oppfølging i teamet. Me har dermed og nådd ut til nokre av dei passive unge, som me ikkje har/har hatt full oversikt over (dei såkalla mørketala).

Hovudvekta av den statlege tiltakspakken har dei siste åra, vore nytta til dei med nedsett arbeidsevne. Dette har medført at flyktningane og sosialhjelpsmottakarane ikkje har fått nytte tiltak og tiltakspengar i same grad som tidlegare, noko som medfører auka utgifter for NAV kommune. Når me i tillegg har fått ein pressa og stram arbeidsmarknad, har dette gjort situasjonen endå vanskelegare for dei vanskelegstilte. Prognosane for arbeidsmarknaden ser ikkje mykje lysare ut for 2017.

NAV Sveio ser at me hadde vore i ein vanskeleg situasjon i forhold til unge ledige under 30 år, dersom me ikkje hadde fått oppretta ressurs- og jobbaseteam. Auka ressursar i flyktningtenesta har og vore avgjerande for å avhjelpe situasjonen med stram arbeidsmarknad, slik at det framleis er gode resultat for gruppa. Det trengst framover fleire kommunale tiltaksplassar for å gje arbeidstrening og god nok kartlegging til desse brukargruppene.



Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

NAV Sveio er ein del av NAV Sunnhordland tenesteområde. NAV samarbeidar og tett med til dømes skule/utdanningssystem, PPT, BUP, PUT, DPS, andre behandlingstilsette innad rus/psykiatri, OT, Fagopplæringskontoret, SLT koordinator, politi m.m. Vidare vil det vere samarbeid med andre kommunar på Haugalandet og lokalt næringsliv.

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Avvik
NAV	11 003 045	14 397 829	13 139 073	1 258 756

Auke i introløn og auke i utbetaling av økonomisk sosialhjelp til flyktningar skuldast at me stort sett tok imot vaksne einslege flyktningar i 2016.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
NAV	8,7	10,0	7,0	3,0

Det er tilnærma jamn fordeling mellom kvinner og menn.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2013	2014	2015	2016
		6,2	2,4	2,8

Hovudutfordringar 2017

Arbeidsmarknaden har vore ei stor utfordring i 2016. Bustadmarknaden er framleis ei utfordring. Unge rusmisbrukarar er alltid ei utfordring. Auke i introløn og auke i utbetaling av økonomisk sosialhjelp til flyktningar skuldast at me stort sett tok imot vaksne einslege flyktningar i 2016. Vidare må det nemnas at me har ei stram budsjetttramme i forbindelse med mottaksarbeidet. Det er mange personar som har trong for økonomisk rådgjeving. Slik rådgjeving er ressurskrevjande.



Barneverntenesta

Om rammeområdet

Barneverntenesta skal arbeide førebyggjande for å hindre vekst av sosiale vanskar og omsorgssvikt, samt ha fokus på å hjelpa barna i heimen. Dette vert gjort ved å gje tilbod om tiltak etter Lov om barneverntenester dersom det er trong for det, samt arbeida med andre instansar til det beste for barna.

I løpet av 2016 mottok tenesta 87 meldingar som er det høgaste talet tenesta har hatt. Pr. 31.12.16. mottok 40 barn hjelpetiltak medan dei budde i heimen, medan 11 barn er plassert i fosterheim.

I tillegg har tenesta ansvar for tilsyn med alle barn plassert i fosterheimar i kommunen. Pr 31.12.16 hadde tenesta ansvar for tilsyn i 19 fosterheimar i kommunen.

Korleis gjer barneverntenesta Sveio til ein god stad å bu?

Tenesta har eit særskilt mål om å levera forsvarlege tenester til brukarane. Dette inneber fokus på å overhalde fristar for sakshandsaming, praktisering av godt barnevernfagleg skjønn samt arbeide mot å styrka det tverrfaglege samarbeidet både internt i kommunen og eksternt. Barneverntenesta har høg fagleg kompetanse der alle tilsette har sosialfagleg høgskuleutdanning.

Mål og måloppnåing i 2016

To sakshandsamarar tok sertifisering i Cos rettleiing, noko som auka tenesta sine resursar innafor tiltaksområdet. Ein sakshandsamar har og starta på vidareutdanning i barnevernfagleg rettleiing. Dette er ei utdanning det blir satsa på og som kommunen får dekkja utgiftene til via Bufdir. Dette vil ytterlegare vere med på å styrke tenesta sine ressursar i tiltaksområdet.

I løpet av 2016 har tenesta hatt periodar med relativ stor vakanse. Dette har medført at deler av det førebyggjande arbeidet knytt til samarbeid med andre instansar: t.d. tverrfaglege møter, er blitt nedprioritert. Dette gjeld enkelte barnehagar i kommunen. Dette arbeidet vil bli teke opp i 2017.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Barneverntenesta samarbeidar med BUF etat(det statlege barnevernet). BUF etat leverer tenester til kommunen i form av formidling av fosterheimar, formidling av plass i barneverninstitusjonar, MST foreldrerettleiingsprogram og familieråd.

Barnevernet samarbeidar/ kjøper tenester av private aktørar for utføring av oppgåver som tilsyn i fosterheimar, rettleiing av fosterforeldre, ulike typar miljøarbeid og ei sjeldne tilfelle sakkunnige.

Barneverntenesta samarbeider med andre instansar i kommunen som arbeider med barn både generelt (felles tverrfaglege møter i skular/barnehagar) samt i enkelt saker.

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Avvik
Barneverntenesta	8 036 500	8 338 583	8 448 793	-110 210

Underforbruket skuldast endringar innan praksis for fosterheimsgodtgjering som no har starta å gjera seg gjeldande, samt ikkje planlagt avslutting av fosterheimsplassering.

**Organisasjon – tilsette og likestilling**

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Barneverntenesta	5,0	5,0	5,0	0,0

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2013	2014	2015	2016
Barneverntenesta	8,3	2,6	6,7	11,2

Ingenting av sjukefråværet er knytt til arbeidsplassen.

Hovudutfordringar 2017

Det er høg saksmengde som saman med langtidssjukefråvær har gjort belastinga stor. Tenesta har nå tre sakshandsamarar med rettleiingskompetanse innan Cos, noko som er ei styrking av tiltakstilbodet frå tenesta. Likevel er det framleis ei utfordring at tiltakstilbodet er lite differensiert slik at ein ikkje alltid får spissa hjelpa like mykje som ynskjeleg.

Sveio kommune har ikkje ein god nok akuttvaktberedskap for barnevernsaker etter normal arbeidstid jfr tolkingsuttale frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet av 11.06.knytt til barnevernlova § 1-4 som lyder: « tenester og tiltak etter barnevernlova skal vera forsvarlege». Tolkingsuttalen slår fast at der (i den kommunen) det ikkje ligg føre ei formell barnevernsvakt/bakvakt ut over normal arbeidstid, er ikkje barneverntenestene forsvarlege.

Det vert for tida arbeida med å etablera eit formelt barnevernsvaktsamarbeid saman med kommunane Tysvær og Vindafjord.



Habilitering

Rammeområdet har ansvar for psykisk utviklinghemma i kommunen. Bustadar for 13 brukarar med omfattande omsorgs- og tilsynsbehov. Ein har enkeltvedtak i forhold til utføring av tvang regulert etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. I tillegg har ein kommunal avlasting. Privat avlasting, støttekontakt, arbeidstilbod for denne gruppa ligg også under ansvarsområdet.

Korleis gjer rammeområde Habilitering, Sveio til ein god stad å bu?

Gjennom praktisk bistand og miljøarbeid har ein fokus på å skape eit verdig liv for denne brukargruppa. Fagteam Habilitering ivaretekne heimebuande gjennom rettleing. Føresette/pårørande til barn med kognitiv svikt får rettleiing og hjelp, for lengre å kunne ivareta sine barn i heimen.

Mål og måloppnåing i 2016

Gjennom gode turnusordningar har ein rekruttert gode fagpersonar. Kvaliteten på tenestene vert høgare. Ein opplever at utfordrande situasjonar kring brukarar vert redusert når gode turnusordningar fører til større stabilitet hjå utagerande brukarar når livssituasjonen deira vert opplevd som meir forutsigbar.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Eining Habilitering er med i eit interkommunalt støttekontaktforum. Eininga sel arbeidstilbod til andre kommunar.

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Avvik
Habilitering	24 708 474	25 661 203	24 325 987	1 335 216

Eining habilitering har hatt eit meirforbruk i 2016. Dette skuldast lågare statleg dekning av utgifter og mindre refusjon frå staten enn føreset i forhold til ressurskrevjande tenester.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Habilitering	52,9	74,0	64,0	11,0

**Sjukefråvær**

Sjukefråvær %	2013	2014	2015	2016
Åsvegen bueining		7,4	10,8	8,9
Stemhaugen /Straumøy bueining		9,1	4,0	6,6

Sjukefråværet i 2016 er gjennomsnittleg om lag som for 2015. Eining Habilitering har ikkje klart å redusere sjukefråværet i 2016.

Hovudutfordringar 2017

Etter ei avgjera i Høyesterett er det utfordrande for kommunane å ha same praksis for privat avlastning som tidligare. Familiar med små barn synast det er utfordrande at barnet deira skal ha kommunal avlastning. For Sveio kommune vil det truleg bli større pågang på kommunal avlastning enn tidligare.

Kommune må framover kartlegge behovet for avlastning, og finne gode løysingar for å ivareta dette behovet.

Det er viktig å utvikle arbeids- og aktivitetstilbud for psykisk utviklingshemma. Sveio kommune har gjort investering for kjøp av egna hus.



Kultur

Om rammeområdet

Kulturområdet er forankra i kulturlova, biblioteklova og opplæringslova.

Korleis gjer kultur Sveio til ein god stad å bu?

Kulturavdelinga jobbar for at innbyggjarane våre skal ha eit aktivt og meningsfylt liv gjennom aktivitet og oppleving.

Mål og måloppnåing i 2016

Kulturminneplanen er utgitt i bokform og er ein flott dokumentasjon.

Sveio kulturskule er med i eit rettleiingsprosjekt saman med kulturskulane i Sunnhordland som går på å implementer ny rammeplanen. Planen er vedteken politisk i Sveio kommune. Saman med kulturskulane i Sunnhordland og «Festspillene i Bergen» gjennomførte me «Dei unge si festspelframsyning».

Hovudbiblioteket har hatt eit godt utlån og fleire gode arrangement, åleine og i samarbeid med andre. Sjakk for unge er døme på eit populært prosjekt.

Lag og foreiningar får framleis støtte m.a. med søknad om spelemidlar og gjennom tildeling av ulike kulturmidlar. Det vert arbeid vidare med merking av turstiar og skilting av kulturminne. Sveio kommune har vedteke å kjøpe sjøhuset i Buavåg saman med Sveio gullforeining.

Fartein Valen-arbeidet har ei sentral rolle i Fartein Valen festivalen og fått til gode resultat både i og utanom festivalen. Nemnast kan ein vellukka folkefest i Sveio sentrum med m.a. avduking av Fartein Valen statue og gode konsertar.

I Den kulturelle skulesekken har me i samarbeid med skulane framleis gode tilbod.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Kulturminneplan: Samarbeid om utarbeiding og oppfølging med Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune.

Reiseliv: "Destinasjon Haugesund og Haugalandet" og "Samarbeidsrådet for Sunnhordland", Friluftsrådet Vest, interkommunale forum.

Idrett og friluftsliv: Friluftsrådet Vest, frivillige organisasjonar, Hordaland fylkesk.

Kulturskule: Tysvær om undervisning på strykeinstrument. Kulturskular i Hordaland gjennom Norsk kulturskoleråd Hordaland. Kommunane i Sunnhordland og Utdanningsdirektoratet om implementering av ny rammeplan.

Bibliotek: Forpliktande samarbeidsavtale med 7 andre bibliotek i Hordaland.

Partnerskapsavtale mellom Sunnhordlandsbiblioteka og Hordaland fylkesbibliotek. **Fartein**

Valen arbeidet: Haugesund kommune og Fartein Valen Stiftelsen om FV Festivalen.

Familien Valen-Sendstad om m.a. bruk av Valenheimen



Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Avvik
Kultur	6 419 949	6 628 099	6 604 680	23 419

Budsjettet er knytt til stillingar og faste utgifter, samt støtte til lag og organisasjonar.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Kultur	7,0	15,0	8,0	7,0

Årsverk er pr. 31.12.2016 og inneheld faste, mellombels stillingar.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2013	2014	2015	2016
Kultur	5,3	7,0	2,5	6,5

Sjukefraværet har gått noko opp i 2016. Auken er ikkje arbeidsrelatert.

Hovudutfordringar 2017

- Biblioteket treng framleis større ressursar for å behalda servicenivået til innbyggjarane generelt og skule spesielt. Ein utlånsautomat kan effektivisere drifta og dels kompensere for knappe stillingsressursar.
- Gode rutinar for aktivitet både i kulturskulen og med førebuing heime og gjennom det auke glede og opplevinga av å delta i kulturaktivitet.
- Fortsetje arbeidet med merking og gradering av turstiar.
- Oppretthalde nivå i arbeidet med gode kulturtilbod for born og unge. Spesielt gjennom DKS og Sveio ungdomsråd og ungdomsarbeidet knytt til Vigdartun.
- Utvikle tilbodet i Den kulturelle spasérstokken saman med SOS og senioruniversitetet
- Kulturminneplan: handlingsplan, skilting av kulturminne.
- «Liv og Lyst», arbeide fram prosjekt saman med Valestrand bygdalag
- Finne gode samarbeidspartar til kulturtilbod generelt og Fartein Valen arbeidet spesielt



Teknisk og næring

Om rammeområdet

Rammeområdet omfattar administrasjon, næringsretteleing gjennom avtale med Haugaland Vekst, drift- og anleggs-avdelinga, plan- og næringsavdelinga inkludert Sveio brann- og redningsvesen.

Hovudarbeidsoppgåver for drift- og anleggsavdelinga er drift, vedlikehald og utbygging av kommunale bygningar og anlegg. Vidare har avdelinga ansvar for vedlikehald og opprusting av kommunale vegar og sykkel-gangstiar, park og grøntanlegg, utbygging av kommunale bustadfelt og reinhald. Forvaltning av kommunal renovasjon og slam ligg og til avdelinga.

Sentrale arbeidsoppgåver knytt til plan- og næringsavdelinga er planlegging, delingssaker, eigedomsdeling, byggesaker, registerføring, konsesjonar, akvakultur, utsleppsløyve, dispensasjonar, viltforvaltning, landbruk, veterinærvakt, energi/klima/miljø/vassforvaltning, brannvern og kommunalt beredskapsarbeid.

Korleis medverkar rammeområdet til at Sveio skal bli ein god kommune å bu i?

Rammeområdet legg til rette for næringsutvikling, auka verdiskapning og sysselsettinga i kommunen og held eit korrekt og trygt nivå på vedlikehald av bygg, vegar, anlegg og utstyr.

Gjennom god planlegging skal me kunne tilby gode og trygge bumiljø og utvikla trivlege sentrumsområde for handel og sosiale aktivitetar.

Me skal også ha fokus på å ta vare på naturressursane og miljøkvalitetane.

Mål og måloppnåing i 2016

Innan rammeområdet er det utanom normal drift, gjennomført mange prosjekter i løpet av året. Nokre døme kan vere prosjektering av nybygg og rehabilitering av Sveio skule, rehabilitering av Førde skule, utviding av gravplass Førde, veglys, kjøp av bustad til flyktning, reguleringsplan Sveioåsen 3, arbeid med trafikkisikringsplan, forprosjekt badeanlegg, ferdigstilling lysløype, asfaltering, utvikling og opparbeiding av Ekrene næringsområde, arbeid med etablering av Viklingland, toalettbygg Ryvarden og oppfølging Soknehus.

Gjennom året har ein utført nødvendig vedlikehald på kommunale bygg og anlegg og ulike tiltak for å betre branntryggleiken på kommunale bygg.

Ein har gjennomført kompetanseheving av tilsett og brannmannskap gjennom erfaringsdeling, ulike kurs, seminar og konferansar.

Innan planområdet har ein arbeid med to større regionale planprosessar: Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Regional plan for areal og transport på Haugalandet. Vidare er det utarbeid planstrategi 2016-2019. Av andre planar som er pågåande eller nyleg starta opp, kan nemnast kommunedelplan for Sveio sentrum, områdeplan for Vikingland, områdeplan Ekrene vest og reguleringsplan Fv6 Grimstvedt – Sveio sentrum.

Når det gjeld sakshandsamingstid innafor byggesak, plansaker og delingssaker, er denne godt under landsgjennomsnittet.



Arbeidet med kvalitetsheving av det digitale eigedomskartverket er vidareført og avdelinga har kontinuerlig drive kvalitetsheving av bygningsopplysningar i matrikkelen. Det er tilrettelagt datagrunnlag for oppdatering og kvalitetsheving av det kommunale avgiftsregisteret.

Plan- og næringsavdelinga har hatt ansvar for koordinering av veterinærvakta for Karlsund veterinærvaktområde.

Sveio brann- og redningsvesen har hatt stor aktivitet innafor brann, ulykke og medisinsk hjelp.

Haugaland Vekst

Frå og med januar 2013 gjekk Sveio kommune inn som eigar av Haugaland Vekst. Haugaland Vekst har gjennom sitt arbeid med næringsførstelinjetenesta i kommunen arbeid med personar som ønskjer å etablere næringsverksemd.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

- Sveio kommune er medlem i Haugaland Vekst
- Hordaland og Rogaland fylkeskommunar
- Fylkesmannen i Hordaland
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland
- Innkjøpssamarbeid på Haugalandet
- Interkommunalt utval for park og idrett. Tysvær, Haugesund og Karmøy
- Skogfagleg kompetanse (10 %) blir kjøpt av Tysvær kommune
- Interkommunalt hjorteutval
- Haugaland landbruksrådgjeving
- Kompetanseheving for brannkonstablar saman med kommunane Bømlo, Fitjar og Stord
- Felles fagsentral brann (110) - sentral for kommunane i Haugaland og Sunnhordland politidistrikt
- Samarbeid med Stord brannvesen om branntilsyn i Bømlafjordtunnelen
- Førebyggjande forum for brannvern på Haugalandet og i Sunnhordland
- Brannsjefane sitt regionale fagforum
- Felles redningsdykkarteneste saman med Haugesund, Karmøy, Tysvær og Vindafjord
- Nord-Rogaland og Sunnhordland interkommunale utval mot akutt forureining (IUA)
- Sal av meklaropplysningar m.m. gjennom Ambita AS
- Beredskapsforum for ytre Haugalandet saman med Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bok og Utsira

**Økonomi**

	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Awik
Administrasjon	646 000	689 000	1 178 000	-489 000
Næring	684 000	703 000	789 000	-86 000
Drift/anlegg	6 691 000	8 170 000	7 098 000	1 087 000
Plan/næring/brann	6 036 000	5 150 000	4 839 000	310 000
TOTALT	14 066 000	14 708 000	13 886 000	822 000

For administrasjon har ein hatt eit mindreforbruk knytt til lønnskostnad.

Drift- og anleggsavdelinga hadde eit meirforbruk på i overkant av 1 000 000 kroner. I hovudsak skuldast dette høgare utgifter til veg enn planlagt. Kommunen tapte ei rettssak og måtte dekke motparten sine saksomkostningar på 290 000 kroner i tillegg til eigne omkostningar. Vidare er det brukt for mykje til vegvedlikehald. Innan bygg er det brukt for mykje til straum og innvendig vedlikehald. Inntektene blei høgare enn budsjettert på dette området.

For plan- næringsavdelinga skuldast overforbruket dekning av løn samfunnsplanleggjar.

Mindreforbruket på administrasjon var planlagt å dekke lønnskostnadar til samfunnsplanleggjar i 2016. Dette blei ikkje overført til ansvaret plan i 2016, men er lagt inn i budsjett for 2017.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Administrasjon	0,5	1,0	0,0	1,0
Drift og anlegg	12,0	15,0	4,0	11,0
Plan og næring/ brann redning	17,0 ¹⁾	36,0 ²⁾	4,0	32,0 ²⁾
Totalt	29,2	52,0	8,0	44,0

¹⁾ Inkl. kontinuerleg dreiarande overordna vakt (sett til 4,2 årsverk).

²⁾ Avvik i summeringa fordi tre av dei tilsette i brannvesenet har fleire stillingar i kommunen.

Rammeområdet har ei sterk overvekt av menn.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2013	2014	2015	2016
Totalt	6,3	4,2	5,0	3,7

Generelt har rammeområdet lågt sjukefråvær, med nokre langtidsjukemeldingar dei siste åra. Arbeidspresstet på dei tilsette har lenge vore stort. Tabellen inkluderer tilsette innan VAR-området.

Hovudmål og utfordringar for 2017

- Arbeide vidare med å skapa gode, langsiktige strategiar og planar for næringsutvikling og arealbruk i kommunen.
- Halde vedtekne økonomiske rammer



- Ha ei god oppfølging av investeringsprosjekt
- Kapasitet til å gjennomføre alle vedtekne prosjekt etter ønskja framdrift
- Kapasitet til å sikre ønskja framdrift i planarbeid
- Slutføre arbeid med trafikksikringsplan og vedlikehaldsstrategi
- Planleggja og utføre godt vedlikehald av tekniske anlegg, bygg og vegar
- Halda på arbeidstakarar og ha tilstrekkelege personalressursar til å utføre arbeidsoppgåver
- Skapa motivasjon og engasjement hos dei tilsette for å nå måla
- Oppretthalda (og heva) kompetansenivået på avdelingane





VAR – Vatn, Avløp og Renovasjon

Om rammeområdet

VAR omfattar sjølvkostområda vatn, avløp og renovasjon. Rammeområdet har ansvar for drift, vedlikehald og utbygging av vatn og avløpsnett, samstundes med arbeidet som er knytt til renovasjon og slam.

Korleis medverkar VAR- området til at Sveio skal bli ein god kommune å bu i?

VAR området skal sikra godt vatn, nok vatn og hygienisk vatn til abonnentane. Vidare skal området syta for effektiv og miljøvenleg avløpshandtering og tilby innbyggjarar og hyttefolk ei god og miljøvenleg renovasjonsordning

Mål og måloppnåelse i 2016

- Drift av Førde vassverk
- Drift og vedlikehald av vatn og avløpsnett
- Lekkasjesøk og feilretting
- Oppfølging av nye tiltak
- Bytte av membranar Førde vassverk
- Utviding av driftsovervaking avløpsnett
- Arbeidet med utbetring av kloakk i Valevåg

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

- Samarbeid med Haugesund om drikkevatt og avløpshandtering
- Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet
- Renovasjon og slamtømming gjennom SIM
- Felles faglege fora for vatn og avløp

Økonomi

	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Awik
Vassverk	1 325 000	1 005 000	15 000	990 000
Avløpsanlegg	199 000	629 000	14 000	615 000
Slamtømming	-821 000	327 000	2 000	325 000
Renovasjon	-875 000	-745 000	0	-745 000
Kalkulatoriske renter og avdrag	-637 000		0	
VAR	-810 000	1 216 000	31 000	1 185 000

VAR gjekk samla sett med underskot i 2016.

For området vassverk var det eit stort vassforbruk og overforbruk på kjøp av vatn frå Haugesund. I tillegg blei det brukt meir til straum, vedlikehald, deler og vassprøver.

Innan området avløpsanlegg fekk ein mindre inntekter enn budsjettert og for høge løns- og vedlikehaldskostnader.



Organisasjon – tilsette og likestilling

VAR- området har 4,7 årsverk, fordelt på fem tilsette. Av desse er det fire menn og ei kvinne. Det er for få tilsette til å rapportera sjukefråvær.

Hovedutfordringar 2017

- Halda vedteke økonomiske rammer
- Ha ei god oppfølging av investeringsprosjekt
- Kapasitet til å gjennomføre alle vedteke prosjekt etter ønskja framdrift
- Planlegga og utføra godt vedlikehald og fornying av eldre leidningsnett og anlegg
- Etablering av nytt leidningsnett Eltravåg-Mølstrekrysset
- Skapa motivasjon og engasjement hos dei tilsette for å nå måla
- Oppretthalda (og heva) kompetansenivået på avdelingane



Kyrkja– Sveio Kyrkjelege Fellesråd

Kyrkja er ein eigen organisasjon og ikkje eit vanleg rammeområde innafor kommunen sin organisasjon. Den er likevel knytt nært opp til kommunal drift gjennom finansiering, tenesteavtale og anna samarbeid.

Kyrkja i Sveio, til liks med i andre kommunar, består dels av fellesrådet sitt ansvarsområde og dels av sokna sitt arbeid, i Sveio har me to sokn; Sveio sokn samt Valestrand og Førde Sokn. Fellesrådsområdet og sokna er likevel nært forbundne med kvarandre og blir i praksis ofte sett på under eit, både sett utanfrå, men og internt blant tilsette og folkevalte i kyrkja.

Kyrkja i Sveio skal leggja til rette for aktivitet og stadig fornying av folkekyrkja. Gudstenester, dåp, bryllaup og gravferd, barne- og ungdomsarbeid, konsertar og kulturkveldar er nokon av aktivitetane. Kyrkjebygga og kyrkjegardane er viktige møtestader. Kyrkjene er nokon av kommunen sine viktigaste kulturskattar. Både bygg og inventar representerer lange tradisjonar. Bygga er til dels ganske gamle og er krevjande å vedlikehalda på ein tilfredstillande måte. Ein velhalden kyrkjegard fortel oss om einskildpersonar, slekt og heile lokalsamfunnet si historie. Mange kjenner på nær tilknytning til sin lokale gravplass. I Sveio er det særskilt mange gravplassar sett i forhold til folketalet, me har 12 stykk som framleis er i bruk, det er arbeids- og kostnadskrevjande å halda alle desse på ein tilfredstillande måte.

Trusopplæring er no heilt ute av skulen og kyrkja har i dag eit hovudansvar for opplæring i tru for våre born og unge. Kyrkjelydane i Sveio får nå statstøtte til dette arbeidet og fekk i 2013 godkjent plan for alle mellom 0 og 18 år. Totalt 320 timar per år. Denne er vidareført og det er i tråd med planen innført nye tiltak nå i 2016.

Korleis er kyrkja med og gjer Sveio til ein god stad å bu?

Kyrkja er ein viktig ressurs for å skapa eit godt lokalsamfunn som er prega av nærleik, omsorg, identitet og kultur. Kyrkja er ein sentral bidragsytar for at menneske skal fatta mot og mening, tru og engasjement. Me trur at ei livskraftig, nærverande og engasjert kyrkje er med og gjer Sveio til ein god kommune å bu i. Dette meiner me blant anna fordi:

- Kyrkja i Sveio er i nær kontakt med eit breitt lag av innbyggjarane ved alle livsfasar, frå vogge til grav, i glede og i sorg.
- Kyrkja er med og skapar ei kjensle av fellesskap og forankring. Ho gjev støtte både i høgtidlege og kritiske livssituasjonar.
- Valestrand kulturkyrkje og kyrkja sine kulturaktivitetar elles er sentrale kulturberarar i Sveio.
- Kyrkjene og kyrkjegardane representerer sjølve kontinuiteten i lokalsamfunnet. Dei er viktige når det gjeld å gje bygda identitet og er eit synleg bindeledd til slektene før oss.
- Over 80 % av kommunen sine innbyggjarar er medlemmer av Den norske kyrkja.
- Over 10 000 personar tek årleg del i gudstenester. I tillegg kjem deltaking på fleire tusen i gravferder, vigslar, kulturtilbod og andre aktivitetar i kyrkjene.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Kyrkja har lang tradisjon for samarbeid med lokale organisasjonar og andre frivillige.

Fellesrådet har ein liten organisasjon og det er derfor knytt gode kontaktar på tvers av kommunekartet for å sikra eit godt fagleg arbeid på ulike felt. Det er og viktig for kyrkja å ha ein nær kontakt med kommunale einingar.



Mål og måloppnåing i 2016

Kyrkja har gjennomført mange gudstenester, kyrkjelege handlingar, konsertar, kulturkveldar og andre arrangement.

- Barne- og ungdomsarbeidet har og i 2016 hatt ei bra rekruttering.
- Plan for - og gjennomføring av tiltak knytt opp til lokal trusopplæring er fylgt opp. Her er framleis ein soknepresten kjøpt fri til arbeid med trusopplæring i 20% stilling.
- Gjennomføring av leiarutvikling for ungdom er vidareført.
- Kulturkyrkja har hatt eit aktivt og variert program både i vår og haustsemesteret. I 2016 har det i hovudsak vore lokale aktørar som har vore i fokus. Kulturkyrkja har og i år hatt eit tett samarbeid med Fartein Valen arbeidet, blant anna om Fartein Valen festivalen i april.
- I løpet av 2016 har me fått reparert taket på tilbygget til Eikeland kapell. Det er i tillegg gjort reparasjonar på taket på Sveio kyrkja samt at vestveggen er blitt måla. Det er og gjennomført ein del malararbeid rundt på kyrkjene og småbygga på gravplassane. Det er og gjennomført reparasjon av mur ved gravplassen i Valen.
- I samarbeid med Fartein Valen arbeidet har det blitt oppgradert lydanlegg i Valestrand kyrkje samt at det er blitt innreia lydstudio i det gamle dåpssakrestiet.
- I 2016 er Sveio soknehus ført opp og er ved årsskifte klar til innflytting. Dette vil gje nye muligheter i det kristne arbeidet i sokna samt at det vil vera ein god møtestad for innbyggjarane i kommunen. Det gir gode kontorforhold til dei tilsette samt at me får lager tilknytta gravplassen. Det vert og eit godt lokale til bæreandakt eller tilsvarande. Lokalet er tilpassa ulike livssyn.
- Gravearbeidet for å utvida gravplassen i Førde starta i desember 2016.
- Plan for Enøk er ikkje utarbeid.
- Økonomisk resultat er innanfor budsjett.

Hovudutfordringar og mål for 2017

- Ta i bruk Soknehuset; kontorlokale, lager og forsamlingslokaler
- Fullføre utviding av Førde gravplass
- Reparasjon av taket på tårnet samt lage rullestolrampe, begge deler ved Eikeland kapell
- Og som alle andre år; Gjennomføre mange gudstenester, kyrkjelege handlingar, ulike konsertar og arrangement for store og små, innføring av fleire tiltak frå trusopplæringsplanen.
- Arbeide vidare med Enøk tiltak.

Økonomi

Sveio felleusråd får det største tilskotet til drift og investering frå kommunen. Statleg tilskot til trusopplæring, offer og eigenbetaling til aktivitetar samt festeavgift med vidare er andre viktige inntektskjelder. Rekneskapet 2016 går med eit overskot. Stram styring og stabil arbeidsstokk er hovudgrunnen til dette.

Organisasjon - tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Kyrkja	5,24	11	6	5



Økonomi

Drift

Hovedoversikt drift	Regnskap 2016	Reg. budsjett 2016	Oppr.budsjett 2016	Regnskap 2015
<i>Driftsinntekter</i>	452 432 968	440 628 807	435 806 952	428 054 011
<i>Driftsutgifter</i>	441 966 182	436 285 474	431 681 394	417 276 210
Brutto driftsresultat	10 466 786	4 343 333	4 125 558	10 777 801
<i>Finansinntekter</i>	9 875 191	8 820 000	7 820 000	8 718 193
<i>Finansutgifter</i>	21 725 790	21 352 000	21 302 000	19 911 716
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-11 850 598	-12 532 000	-13 482 000	-11 193 523
<i>Motpost avskrivningar</i>	18 926 430	16 870 000	16 870 000	17 819 611
Netto driftsresultat	17 542 618	8 681 333	7 513 558	17 403 889
<i>Netto avsetningar</i>	-11 170 373	-8 681 333	-7 513 558	-8 312 928
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	6 372 245	0	0	9 090 961

Rekneskapen for 2016 visar eit netto driftsresultat for Sveio kommune på 17,54 millionar kroner. Dette er 8,86 millionar kroner meir enn budsjettert. I følgje Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) bør netto driftsresultat over tid vera på minst 1,75 prosent av inntektene for kommunesektoren samla. Dette målet er endra frå 3,0 % frå og med 2014. For Sveio kommune sin del blei netto driftsresultat på 3,9 % av inntektene i 2016. I 2015 var samanliknbart netto driftsresultat på 4,1 %.

Dei samla driftsinntektene for kommunen auka med 5,7 % frå 2015 til 2016. Driftsutgiftene auka med 5,9 %. Som ein følgje av dette gjekk brutto driftsresultat ned med 0,31 millionar kroner frå 2015 til 2016.

Frie inntekter

Kommunens frie inntekter består av rammetilskot og skatt på inntekt og formue.

Av tabellen under ser ein at samla rammetilskot har meir enn dubla seg, frå 84 millionar i 2010 til 181 millionar i 2016. Skatt på inntekt og formue har auka med 25 % i same periode, frå 104 millionar i 2010 til 131 millionar i 2016. Samla har auken i frie inntekter vore på 66 % frå 2010 til 2016. Dette utgjør ein auke på 124 millionar kroner i perioden. Frå 2010 til 2011 auka dei frie inntektene med 23,6 %. Denne store auken skuldast i hovudsak at kommunane tok over finansieringa av dei private barnehagane frå staten.

Delen av frie inntekter som kjem frå skatt på inntekt og formue har gått ned frå 55,4 % i 2010 til 41,9 % i 2016. Hovudårsaka til denne forskyvinga av frie inntekter frå skatt på inntekt og formue til rammetilskot, er Stortinget sitt vedtak om å endre skattedelen til kommunane frå 45 % til 40 %, gjeldande frå 2011.



Frie inntekter	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Innbyggjartilskot (likt beløp per innb.)	50 528	96 170	109 195	116 252	123 412	123 381	127 033	131 298	131 487	131 783	131 941
Utgiftsutjamning	16 111	20 444	22 571	20 197	22 953	27 022	28 249	27 312	27 339	27 366	27 380
Overgangsordningar (INGAR fra 2009)	-123	-743	-363	-328	-332	-349	-321	-568	-568	-568	-568
Saker særskilt ford (fysioterapi/kvalifiseringsprog)	1 476	1 653	1 144	0	331	618	976	1 440	1 440	1 440	1 440
Veksttilskot	0	0	0	0	798	1 399	810	0	0	0	0
Ordinært skjøn inkl bortfall av dif.arb.avg.	6 617	5 200	4 700	4 400	4 000	3 800	3 700	3 800	3 600	3 400	3 200
Skjøn til skattesvake kom i Sør-Norge (2009)	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Endringer saldert budsjett 2014-2016					-889	-71	797	0	0	0	0
Kompensasjon Samhandlingsreforma	0	0	590	609	628	0	0	0	0	0	0
Feil inntektsutj 2007/Komp	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Fysioterapautmidler 09	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Tiltakspakken 2009/1 mrd mer frie inntekter 2010 med mer	1 200	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Budsjettavtale H, FrP, KrF, V - Stortinget	0	0	0	0	0	0	0	-502	-647	-647	-647
RNB 2009-2015 mm	8	115	145	72	215	1 083	0	0	0	0	0
Sum rammetilskot u/ inntektsutj	75 816	122 840	137 982	141 202	151 116	156 883	161 245	162 780	162 651	162 774	162 746
"Bykjetrekke" (anslag etter 2010)	-3	-5	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Netto inntektsutjamning	8 334	12 744	9 088	9 859	12 686	16 250	20 628	18 165	18 165	18 165	18 165
Sum rammetilskot	84 147	135 579	147 070	151 061	163 802	173 133	181 873	180 945	180 816	180 939	180 911
Skatt på inntekt og formue	104 370	97 380	109 383	118 383	117 446	121 337	130 903	136 264	136 264	136 264	136 264
Sum skatt og rammetilskot	188 517	232 959	256 453	269 445	281 248	294 470	312 776	317 209	317 080	317 203	317 175
Endring fra foregåande år	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Sum rammetilskot		61,1 %	8,5 %	2,7 %	8,4 %	5,7 %	5,0 %	-0,5 %	-0,1 %	0,1 %	0,0 %
Skatt på inntekt og formue		-6,7 %	12,3 %	8,2 %	-0,8 %	3,3 %	7,9 %	4,1 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
Sum skatt og rammetilskot		23,6 %	10,1 %	5,1 %	4,4 %	4,7 %	6,2 %	1,4 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Tala frå 2010-2016 er i kroner frå dei respektive åra. Tala frå 2017-2020 er i 2017-kroner, og er basert på berekningar fra KS.

Driftsresultat


Brutto driftsresultat blei 6,1 millionar kroner høgare enn budsjettert i 2016. Brutto driftsresultat enda på 10,5 millionar kroner.

Driftsinntektene blei 11,8 millionar høgare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak høgare inntektsutjamning og skatt på inntekt og formue enn venta. Større inntekter frå andre kommunar, høgare refusjon sjukeløn og høgare momskompensasjon bidrog også positivt på inntektssida.


Driftsutgiftene i 2016 blei 5,7 millionar høgare enn budsjettert. Lønsutgiftene inkludert sosiale utgifter blei 6,0 millionar kroner lågare enn budsjettert. Overføringar og kjøp av varer og tenester blei samla sett 9,6 millionar over budsjett. Årsaka til mindreforbruket på lønsutgifter skuldast lågare pensjonsutgifter enn venta. Meirforbruket på kjøp av varer og tenester er samansett, mellom anna blei utgiftene til innleie av personell/bruk av konsulent om lag 3,0 millionar høgare enn budsjettert. Høgare overføringar enn venta skuldast i hovudsak sosialutbetalingane som blei om lag 1,4 millionar høgare enn budsjettert, ein auke på om lag 0,8 millionar kroner frå 2015.

Netto driftsresultat blei på 17,5 millionar kroner i 2016, medan det var budsjettert til om lag 8,7 millionar kroner. Avviket frå budsjett skuldast avviket nemnd ovanfor og noko høgare finansinntekter enn føresett.

Det rekneskapsmessige mindreforbruket blei 6,4 millionar kroner i 2016, mot 9,1 millionar kroner i 2015.



Gjeld




Per 31.12.2016 har Sveio kommune ei langsiktig gjeld utanom pensjonsforpliktingane på 350,0 millionar kroner. Startlån utgjer om lag 15,6 millionar kroner av gjelda. I tillegg har kommunen netto pensjonsforpliktingar på 101,1 millionar kroner. Totalt sett utgjer Sveio kommune si langsiktige gjeld, eksklusiv pensjonsforpliktingar, 77,4 % av kommunens brutto driftsinntekter. Dette er lågare enn gjennomsnittet for kommunegruppe 11 (101,9 prosent), som det er naturleg for Sveio kommune å samanlikna seg med.

Driftsfond

Sveio kommune har 45,9 millionar kroner på frie driftsfond per 31.12.2016. 17,7 millionar av midlane er på premiefond knyt til pensjon, som må sjåast i samanheng med kommunen sitt akkumulerte premieavvik pensjon. Midlane på premiefondet er 3,0 millionar kroner høgare enn det akkumulerte premieavviket. Akkumulert premieavvik er midlar som er inntektsført tidlegare år, og som må utgiftsførast komande år.

Brutto driftsutgifter

Sveio kommune sine driftseiningar er delt inn i ulike rammeområde. Tabellen under visar kvart rammeområde sin del av kommunen sine brutto driftsutgifter i 2016.



Den økonomiske stillinga

Av figuren under ser me at Sveio kommune har hatt ein sterk vekst i både gjeld og eigendelar frå 2009. Eigenkapitalen har hatt ein noko meir flat utvikling i perioden.

Balansen	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Anleggsmidlar	641 322 238	726 069 762	745 049 751	778 701 356	846 959 731	901 923 450	931 813 724	968 904 057
Omløpsmidlar	93 315 012	81 550 794	109 508 328	116 972 150	128 084 086	130 191 440	144 917 114	208 385 515
Sum eigendelar	734 637 251	807 620 556	854 558 079	895 673 507	975 043 818	1 032 114 891	1 076 730 838	1 177 289 572

Eigenkapital:

- ubundne fond	8 292 818	4 486 928	11 363 715	23 332 517	21 193 783	32 019 518	40 559 138	54 579 242
- bundne fond	7 094 789	8 124 396	10 474 891	9 870 522	12 694 040	13 318 857	10 910 620	15 655 397
- annan eigenkapital	-988 059	1 854 813	10 331 266	-4 943 739	2 977 973	3 326 818	9 520 730	8 096 176
- kapitalkonto	242 229 908	256 394 137	198 279 850	180 517 438	182 863 497	189 710 041	211 407 685	209 638 064
Sum eigenkapital	256 629 457	270 860 274	230 449 723	208 776 738	219 729 293	238 375 234	272 398 173	287 968 877

Langsiktig gjeld	418 860 295	483 019 255	567 280 879	619 339 179	699 574 695	735 389 061	748 122 878	823 456 445
Kortsiktig gjeld	59 147 499	53 741 027	56 827 477	67 557 589	55 739 830	58 350 596	56 209 786	65 864 249
Sum gjeld	478 007 794	536 760 282	624 108 356	686 896 768	755 314 525	793 739 657	804 332 664	889 320 694

Sum eigenkapital og gjeld	734 637 251	807 620 556	854 558 079	895 673 507	975 043 818	1 032 114 891	1 076 730 838	1 177 289 572
---------------------------	-------------	-------------	-------------	-------------	-------------	---------------	---------------	---------------

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Eigenkapitalprosent	34,9 %	33,5 %	27,0 %	23,3 %	22,5 %	23,1 %	25,3 %	24,5 %

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Arbeidskapital (omløpsmidler - kortsiktig gjeld)	34 167 513	27 809 767	52 680 851	49 414 561	72 344 256	71 840 844	88 707 328	142 521 266



Som ein følgje av denne utviklinga har delen av eigendelar som er finansiert med eigenkapital gått ned. I 2009 utgjorde eigenkapitalen 34,9 % av eigendelane, medan den berre utgjør 24,5 % i 2016. Ein tommelfingerregel seier at eigenkapitalprosenten til ei industribedrift minst bør vera på 35 %. Ein har ikkje tilsvarende måltal for kommunar.

Ein viktig årsak til denne utviklinga er bygging av nytt omsorgssenter og nytt kommunehus. Desse investeringane er i stor grad finansierte med auka låneopptak.

Likviditet

Sveio kommune hadde god likviditet i heile 2016. Det var aldri fare for at kommunen ikkje skulle vere i stand til å betale sine forpliktingar etter kvart som dei forfall til betaling.

Likviditetsgrad I og II er dei nøkkeltala som oftast nyttast for å vurdere likviditeten til ein bedrift eller ein kommune.



Hovudregelen er at likviditeten er tilfredsstillande om likviditetsgrad I er større enn to og likviditetsgrad II er større enn ein.

Dei fem siste åra har både likviditetsgrad I og II vore høgare enn dei respektive måltala. Det har vore ei klar betring i kommunen sin likviditetssituasjon frå 2009 til 2016.

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Likviditetsgrad I	1,9	1,9	2,3	2,0	2,7	2,6	2,9	3,5
Likviditetsgrad II	1,7	1,7	2,1	1,9	2,4	2,3	2,7	3,2



Investering

Rekneskapsskjema 2a - investering

	Regneskap 2016	Regulert budsjett	Opprinneleg budsjett	Regneskap 2015
Investeringer i anleggsmidler	34 339 531	106 614 248	76 215 000	24 418 844
Utlån og forskutteringer	2 110 000	4 000 000	4 000 000	2 310 000
Kjøp av aksjer og andeler	892 083	1 144 500	900 000	6 022 865
Avdrag på lån	1 098 635	1 200 000	1 200 000	5 926 823
Dekning av tidligere års udekket	1 650 317	0	0	281 635
Avsetninger	3 684 632	4 500 000	4 500 000	8 459 438
Årets finansierungsbehov	43 775 198	117 458 748	86 815 000	47 419 605
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidler	23 138 811	78 418 980	59 322 000	20 318 212
Inntekter fra salg av anleggsmidler	896 756	4 500 000	4 500 000	6 228 090
Tilskudd til investeringer	2 017 500	512 200	0	-4 628
Kompensasjon for merverdiavgift	5 464 388	14 153 400	10 393 000	3 283 826
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	6 354 815	12 543 048	11 200 000	3 774 438
Andre inntekter	169 000	0	0	0
Sum ekstern finansiering	38 041 269	110 127 628	85 415 000	33 599 938
Overført fra driftsregnskapet	1 091 876	900 000	900 000	0
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	4 285 897	6 431 120	500 000	12 169 349
Sum finansiering	43 419 042	117 458 748	86 815 000	45 769 287
Udekket/udisponert	-356 156	0	0	-1 650 317



Sveio kommune investerte for 34,3 millioner kroner i anleggsmidler i 2016. Det var planlagt å investere for 106,6 millioner kroner. Avviket mellom budsjett og rekneskap skuldast i all hovudsak tidsforskyving av investeringar. Forseinka investering i Sveio skule og nytt badeanlegg gjer særskilt store utslag. Det var planlagt å investere for høvesvis 30,6 og 12,5 millioner kroner i Sveio skule og badeanlegg i 2016, medan det berre blei gjennomført investeringar for 1,8 millioner kroner.

Om lag 0,36 millioner av investeringane i 2016 står som udekket i rekneskapen.

Dei største investeringane i 2016 var knytt til oppgradering Førde skule, Ekrene næringspark, lisløype, veglys Auklandshamn og flyktningbustad.

I 2017 er det budsjettet med investeringar i varige driftsmidler på 92,3 millioner kroner. Dei største planlagde investeringane i 2017 er Sveio skule med 39,3 millioner kroner og badeanlegg med 20,0 millioner kroner.

Av figuren under ser ein at Sveio kommune investerte for mellom 70 og 80 millioner kroner i 2009 og 2010. Dei seks siste åra har investeringane variert frå 24 millioner til 55 millioner kroner.





Sveio
29.3.2017

Bjørn Gilje
Rådmann